..

# Delegeringsreglement

Til Lovdata

## INNHALD


1. Rettleiing i bruk av reglementet ....................3
2. Organisatorisk oppbygging i Giske kommune ....................4
3. Om delegering....................6
4. Dei lovpålagde organa sitt mynde ....................9
5. Ikkje-lovpålagde organ si samansetjing, arbeidsoppgåver og mynde ....................13
6. Prinsipp for delegering i Giske kommune....................17
7. Kommunelova ....................20
8. Alkohollova ....................27
9. Barnehagelova ....................30
10. Barnevernlova ....................32
11. Brann- og eksplosjonsvernlova ....................33
12. Eigarseksjonslova ....................34
13. Film- og videogramlova....................35
14. Folkebiblioteklova ....................36
15. Folkehelselova....................37
16. Forureiningslova ....................40
17. Forvaltningslova ....................43
18. Friluftslova ....................44
19. Gravferdslova ....................45
20. Hamne- og farvatnslova ....................46
21. Helse-og omsorgstenestelova / pasient- og brukarrettslova ....................49
22. Hundelova ....................52
23. Husbanklova og bustønadslova ....................53
24. Introduksjonslova....................54
25. Jordlova ....................55
26. Konsesjonslova....................57
27. Kulturlova ....................59
28. Kulturminnelova....................60
29. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag ....................61
30. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga ....................62
31. Lov om tilskot til livssynssamfunn ....................63
32. Lov om trussamfunn og ymse anna ....................64
33. Matrikkellova ....................65
34. Naturmangfaldlova ....................67
35. Odelslova....................68

36. Offentleglova ........ 69
37. Opplæringslova ........ 70
38. Plan- og bygningslova ........ 74
39. Serveringslova ........ 76
40. Skogbrukslova ........ 77
41. Smittevernlova ........ 78
42. Stadnamnlova ........ 79
43. Straffelova og straffeprosesslova ........ 80
44. Tobakksskadelova ........ 81
45. Tvangslova ........ 82
46. Tvistelova ........ 83
47. Vallova ........ 84
48. Veglova ........ 85
49. Vegtrafikklova ........ 86
50. Viltlova ........ 88

..

# 1. Rettleiing i bruk av reglementet

Til framsida

Reglementet er bygd opp etter kva lov det skal fattast vedtak etter. Innleiinga inneheld m.a. reglar om korleis delegert mynde skal nyttast. Lovene i innhaldslista fører deg vidare i det vedtekne reglementet. I sjølve reglementet er det lagt inn linkar til den aktuelle paragrafen i lova. Du vil då komme til Lovdata sine sider som viser gjeldande lovtekst. Verkar ikkje linken til Lovdata, kan paragrafen vere endra eller oppheva.

# 2. Organisatorisk oppbygging i Giske kommune

Til framsida

Politisk hovudstruktur:




Div. andre folkevalde organ / kommunale organ m.m.:

Arbeidsmiljøutval
Beredskapsrådet
Beredskapsleiinga
Barnas og ungdomens kommunestyre (BUKS)
Brukarutval for helse- og omsorgstenestene
Eldreråd
Forhandlingsutval i personalsaker m.m.
Klagenemnd (deler av formannskapet)
Kommuneplanutval (formannskapet)
Landbruksnemnd (formannskapet)
Næringsutval (formannskapet)
Overskattetakstnemnd (sakkunnig klagenemnd)
Partsamansett utval
Plan- og byggjenemnd
Råd for personar med nedsett funksjonsevne
Skattetakstnemnd (sakkunnig nemnd)
Valnemnd (formannskapet)
Viltnemnd

..

## Administrativ organisering:

Giske kommune har ein tilnærma flat struktur med ei toppleiing (kommunedirektør og kommunalsjefar), ein stab og sjølvstendige resultat-/driftseiningar. Kvar av einingane har sin eigen leiar som rapporterer direkte til toppleiinga.

# 3. Om delegering

Til framsida

## Kva er delegering

Delegering inneber at nokon (A) med mynde gjev ein annen (B) mynde av samme slag som ein sjølv (A) har. Ei delegering frå kommunestyret til kommunedirektøren om t.d. mynde til sal av bustadtomter inneber ikkje at kommunestyret misser sitt eige mynde til sal. Kommunestyret kan framleis gjere vedtak om sal av slike tomter på same måten som kommunedirektøren kan. Uansett om det er kommunedirektøren eller kommunestyret som sel tomter, er det kommunestyret som har ansvaret for salet. Når kommunedirektøren sel tomter, gjer han/ho dette på vegner av kommunestyret. Han/ho har m.a.o. ikkje det formelle ansvaret for vedtaket. Han/ho har likevel ansvar i høve til kommunestyret som overordna organ og det organ som har vedtatt delegeringa.

## Kvifor delegere

Ein av dei viktigaste grunnane til delegering av mynde er å avlaste den med mynde og fordele arbeidsbyrda på fleire. Ein annan grunn kan vere å nyttiggjere seg ein fagkompetanse som den med mynde ikkje nødvendigvis har. I tillegg vil ei delegering i dei fleste tilfelle gje ei kortare sakshandsamingstid i den enkelte saka. *Kommunelova § 5-3* inneber at det i utgangspunktet berre er kommunestyret som har mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen. Når vi tenkjer på det store talet på vedtak som vert gjorde i ein kommune årleg, seier det seg sjølv at det ikkje er hensiktsmessig eller praktisk mogleg at alle desse skal gjerast av kommunestyret sjølv. For å unngå ein slik situasjon må kommunestyret derfor delegere noko av sitt mynde til andre organ / administrasjonen i kommunen.

## Avgrensingar

For at ei delegering skal vere lovleg gjennomført, må visse kriterium vere oppfylte:

### *Det er lov til å delegere mynde*

Utgangspunktet i *kommunelova* er at det mynde som er gjeve etter lova **kan** delegerast.
Det finst likevel unntak frå dette utgangspunktet, dei såkalla **delegeringssperrene**.
Den mest vanlege sperra er tilføying av ordet ”**sjølv/selv**” i lovteksta, slik som "kommunestyret ansetter **selv** en kommunedirektør“ i *kommunelova § 13-1.* Dette inneber at kommunestyret ikkje kan gje andre mynde til å tilsette kommunedirektør. Same avgrensing finn vi i *plan- og bygningslova § 3-3, 2. ledd.* ”Kommunestyret **selv** har ledelsen av den kommunale planleggingen….”

Ei anna sperre er **lovtekst / eit vedtak** som direkte avgrensar delegeringsmyndet. Når eit organ har fått delegert mynde, er utgangspunktet at dette myndet kan delegerast vidare, såkalla ”**vidaredelegering**” eller ”**subdelegering**”. Men det finst unntak også her. Nokre organ som det kan bli delegert mynde til, vil normalt ikkje kunne delegere det gjevne myndet vidare. Dette gjeld t.d. ordførar, styre for selskap o.l. og interkommunale styre. Kommunedirektøren har ein noko avgrensa rett til vidaredelegering. Han/ho kan ikkje delegere gjeve mynde til andre politiske organ, så som faste utval, komitear o.l., men han/ho har i utgangspunktet rett til å vidaredelegere internt i administrasjonen. I dei tilfelle der det er fritt høve til vidaredelegering, kan dette likevel

avgrensast ved at det i det opphavlege delegeringsvedtaket vert bestemt at dette myndet ikke kan delegerast til andre. Det vil seie at dersom kommunestyret delegerer mynde til å selje kommunale bustadtomter til formannskapet og bestemmer at dette ikkje kan delegerast vidare, hindrar dette formannskapet frå å delegere slike sal til kommunedirektøren eller andre. Ei oversikt over kvar lova set avgrensingar er gjeve nedanfor. I tillegg vil dei lovtekster som hindrar delegering bli tekne inn i delegeringsreglementet under den enkelte lova.

### ***Delegeringa må vere gjeven til nokon som er kompetent til å få slikt mynde***

*Kommunelova* set grenser både for kven som kan få mynde ved delegering, og for kva mynde desse kan få tildelt:

- **Formannskapet** etter *§ 5-6*:
  - frå kommunestyret:
- kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- kan tildelast avgjerdsmynde i hastesaker etter *§ 11-8,* 1. ledd
  - kan delegere sitt mynde vidare til ordførar, utval, styre for selskap o.l. og kommunedirektøren der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan opprette arbeidsutval og gi dette/desse avgjerdsmynde i saker utan prinsipiell betydning der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- **Ordførar** etter *§ 6-1:*
  - frå kommunestyret:
- kan tildelast avgjerdsmynde i saker utan prinsipiell betydning der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- kan tildelast avgjerdsmynde i hastesaker etter *§ 11-8, 1. ledd*
- kan tildelast mynde til å opprette utval til førebuing av saker som er utan prinsipiell betydning
  - frå formannskapet:
- kan tildelast avgjerdsmynde i saker utan prinsipiell betydning der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan **ikkje** delegere vidare sitt mynde som kommunen sin rettslege representant.
- **Utval** etter *§ 5-7:*
  - frå kommunestyret:
- kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- kan tildelast avgjerdsmynde i hastesaker etter *§ 11-8, 1. ledd*
  - kan delegere sitt mynde vidare til ordførar, utval, kommunedirektøren og styre for selskap o.l. der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan opprette arbeidsutval og gi dette/desse avgjerdsmynde i saker utan prinsipiell betydning der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan gi leiaren av utvalet avgjerdsmynde i saker utan prinsipiell betydning der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- **Styre for institusjon o.l.** etter *§ 5-10:*
  - frå kommunestyret

..

- kan tildelast avgjerdsmynde i saker som omfattar verksemda si drift og organisering, der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan berre delegere sitt mynde vidare internt i institusjonen og liknande.
- **Kommunedirektøren**
    - frå folkevalde organ etter *§ 13-1, 6. ledd*:
- kan tildelast avgjerdsmynde i enkeltsaker og type saker som ikkje er av prinsipiell betydning, der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan delegere sitt mynde vidare internt i administrasjonen der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - frå kommunestyret etter *§ 5-10, 2. ledd*:
- kan tildelast mynde til heilt eller delvis å oppnevne styret for kommunale institusjoner
- **Partssamansett utval (Administrasjonsutval)** etter *§ 5-11:*
    - frå kommunestyret
    - kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan delegere sitt mynde vidare til underutval, ordførar, utval, styre for selskap o.l. og kommunedirektøren der delegeringssperrer ikkje er til hinder
- **Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap** etter *§§ 18-1 og 19-1:*
    - frå kommunestyret
- kan tildelast mynde til å gjere enkeltvedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordnigar, der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan ikkje vidaredelegere sitt mynde
- **Administrativt vertskommunesamarbeid** etter *§ 20-2*:
    - frå kommunestyret
- kan tildelast mynde til å utføre oppgåver og treffe vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan ikkje vidaredelegere sitt mynde
- **Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd** etter *§ 20-3*:
    - frå kommunestyret
- kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
    - kan vidaredelegere avgjerdsmynde til kommunedirektøren i vertskommunen i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, der delegeringssperrer ikkje er til hinder

Etter *kommunelova* kan ikkje andre tildele mynde på vegner av kommunen. Særlover kan likevel innehalde reglar som utvidar kven som kan ha mynde. Slike reglar vil bli tekne inn under den enkelte lov i delegeringsreglementet, der dette er hensiktsmessig.

***Sjølve delegeringssvedtaket må vere gyldig.***

I dette ligg at sakshandsamingsreglar og reglar om fleirtal, habilitet, at organet er vedtaksført o.l. må vere følgde.

..

# 4. Dei lovpålagde organa sitt mynde

Til framsida

## Kommunestyret

Etter *kommunelova § 5-3* er kommunestyret det øvste organet i kommunen, og treff vedtak på vegner av kommunen så langt ikkje noko anna følgjer av lov. Kommunestyret sin adgang til å delegere mynde til andre, går fram av *§§ 5-3 og 5-4* i lova. På enkelte område er det berre kommunestyret sjølv som kan gjere vedtak – sjå ovanfor om delegeringssperrer. Kva saker kommunestyret har valt sjølv å skulle / skal avgjere, og kva saker det har valt å delegere til andre, går fram under den enkelte lov nedanfor – sjå pkt. 7-50.

## Formannskapet

*Kommunelova* gjev ikkje formannskapet mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker, men formannskapet har ei lovpålagd plikt til å handsame forslag i følgjande saker - *jf. §§5-6 og 14-3, 3. ledd*:

- økonomiplan
- årsbudsjett
- årsrekneskap
- årsmelding
- skattevedtak

Formannskapet tilrår dessutan i saker som vedkjem kommuneplanar, andre overordna planar, miljøsaker, saker som har økonomiske konsekvensar for kommunen og saker som naturleg ikkje går inn under eit av utvala. Formannskapet fungerer som **kommuneplanutval**, og skal handsame framlegg til kommuneplan og kommunedelplanar m.m. – *jf. kommunelova § 14-1, 2. ledd* og *plan- og bygningslova, andre del, pkt. IV*. Formannskapet har dessutan delegert mynde etter *kommunelova § 11-8* i **hastesaker**. Vidare skal formannskapet vere **overordna fagorgan** for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagd å yte etter m.a. følgjande lover med tilhøyrande forskrifter:
Alkohollova
Forpaktingslova
Forureiningslova (med unntak av dei delane av lova m/tilhøyrande forskrifter som teknisk utval er overordna fagorgan for – sjå *kapittel 5* og *kapittel 17* nedanfor)
Gravferdslova
Hundelova
Introduksjonslova
Jordlova
Konfliktrådslova
Konsesjonslova
Lov om tilskot til livssynssamfunn
Lov om trussamfunn ymse anna
Motorferdselslova
Naturmangfaldlova
Odelslova
Offentleglova

Serveringslova
Skogbrukslova
Straffelova
Tvangslova
Tvistelova
Vallova
Viltlova

## Ordførar

Ordførar er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegner av kommunen ved alle tilhøve så langt ikkje anna er vedtatt. Kommunelova gjev likevel ikkje ordførar direkte mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker på vegner av kommunen. Han/ho må i tilfelle få slikt mynde delegert frå kommunestyret og/eller formannskapet – *jf. kommunelova § 6-1, 4. og 5. ledd og § 11-8. 1. ledd*.

## Kommunedirektør

Kommunedirektøren er den øvste leiaren for den kommunale administrasjonen innanfor dei rammene som vert fastsette av kommunestyret. Unntak kan finnast i særlover der andre tenestemenn/organ er tillagde det øvste myndet. Kommunedirektøren har også ansvaret for at saker som vert lagde fram for politiske organ, er forsvarleg utgreidde og at vedtak som vert fatta blir iverksette. Kommunedirektøren er den einaste i administrasjonen som etter *kommunelova* kan gjevast mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen. Med unntak av ein del personalsaker, gjev lova sjølv ikkje kommunedirektøren slikt mynde. Det må gjevast av kommunestyret og/eller andre folkevalde organ – *jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd*. Når det gjeld personalsaker, gjev lova kommunedirektøren det løpande personalansvaret for den enkelte tilsette, inkl. tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar – *jf. § 13-1, siste ledd*.

## Revisor

Revisor skal saman med resten av den kommunale revisjonen, kontrollere at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande reglar og vedtak. Revisjonen skal også utføre systematiske vurderingar av bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat. Revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet som legg rapportane fram for kommunestyret med merknader og ev. forslag til vedtak. Revisor er ikkje tillagd mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen, og kan heller ikkje gjevast slikt mynde. Dette er ei naturleg avgrensing i og med dei kontrolloppgåvene som revisjonen utfører.

## Kontrollutvalet

Dette utvalet skal føre eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret, men *kommunelova* gjev ikkje kontrollutvalet mynde til å avgjere enkeltsaker på vegner av kommunen. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre. Utvalet har 5 medlemmer m/varamedlemmer. Minst 1 medlem skal veljast mellom kommunestyret sine medlemmer.

## Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet er heimla i *arbeidsmiljølova § 7-1*. Utvalet har 9 medlemmer m/varamedlemmer; 4 frå arbeidsgjevar, 4 frå arbeidstakarsida og 1 frå bedriftshelsetenesta – *jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7.* Medlemmene blir valde for 2 år om gongen – *jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-15.* Ein representant frå bedriftshelsetenesta skal vere fast medlem av utvalet – *jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7, 5. ledd.*

Dei 4 faste medlemmene frå arbeidsgjevarsida er kommunedirektøren og 3 einingsleiarar utpeikte av kommunestyret. Kommunestyret peikar også ut vara til desse. 3 av medlemmene m/vara frå arbeidstakarsida blir valde av arbeidstakarorganisasjonane ved fleirtalsval. Hovudverneombudet er den 4. medlemmen frå arbeidstakarsida – *jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7, 3. og 4. ledd og § 3-11.*

Arbeids- og ansvarsområdet til utvalet går fram av *kommunen sitt system for helse/miljø/sikkerhet*, *arbeidsmiljølova § 7-2* og *forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 2-3.*

## Eldrerådet

Rådet har 6 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret, etter at pensjonistlaga o.a. har hatt høve til å uttale seg. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom pensjonistane i rådet. Rådet skal handsame alle saker som gjeld dei eldre sine levekår i kommunen, og er eit rådgjevande organ for kommunen - *jf. kommunelova § 5-12*. Dette gjeld t.d. årsbudsjett og økonomiplan. Rådet har mynde til å gjere vedtak innanfor eige budsjett vedteke av kommunestyret, men har elles ikkje mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker på vegner av kommunen.

## Råd for personar med nedsett funksjonsevne

Rådet har 6 medlemmer m/varamedlemmer og er samansett slik:

- 3 medlemmer frå dei funksjonshemma sine organisasjonar
- 3 medlemmer frå kommunestyret

Rådet blir oppnemnt av kommunestyret. Rådet skal sjølv velje leiar og nestleiar.
Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld dei funksjonshemma sine levekår i kommunen. Dette gjeld t.d. årsbudsjett og økonomiplan. Rådet har ikkje mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker på vegner av kommunen – *jf. kommunelova § 5-12*.

## Barnas og ungdomens kommunestyre (BUKS)

BUKS blir sett saman av ein representant frå kvar klasse frå 7. og til 1. vidaregåande. Sistnemde blir med eitt år etter at dei vart valde i 10. klasse på ungdomskulen. Det velgast personlege vara, men desse møter berre ved forfall. Rådet er eit rådgivande organ for kommunen i saker som gjeld barn og unge – *jf. kommunelova § 5-12*.

## Kommunalt klageorgan (delar av formannskapet)

**Fem av formannskapet sine faste medlemmer** er kommunen sitt **klageorgan** – *jf. forvaltningslova § 28*. Dei 2 andre faste medlemmene av formannskapet er varamedlemmer av

utvalet saman med 3 av varamedlemmene til formannskapet. Ordførar og varaordførar skal vere medlem av klageorganet, og er leiar og nestleiar.

Dette organet er klageinstans for **enkeltvedtak** gjorde av kommunale organ (inkl. administrasjonen) som er oppretta etter kommunelova, **og** der ikkje eksterne organ som t.d. fylkesmannen, er klageinstans. Det kommunale klageorganet skal heller **ikkje** handsame klager på slike enkelvedtak gjorde av formannskapet og kommunestyret. For enkeltvedtak gjorde av formannskapet er **kommunestyret** klageorgan, og for enkeltvedtak gjorde av kommunestyret er **Fylkesmannen** klageorgan.

I saker der det **kommunale klageorganet** er klageinstans, skal klagesaka først handsamast av det organet som har gjort vedtaket som vert påklaga (administrasjon eller folkevalde- / andre kommunale organ (**første instans**)). Dersom førsteinstansen ikkje gjev klagar heilt eller delvis medhald, skal saka/klaga handsamast av klageorganet.

## Partsamansett utval (administrasjonsutval)

Utvalget er oppretta i medhald av *kommunelova § 5-11*, og skal handsame alle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet har 9 medlemmer m/varamedlemmer. 7 av medlemmene representerer arbeidsgjever og 2 medlemmer representerer arbeidstakarane. Formannskapet sine medlemmer utgjer arbeidsgjevarrepresentantane i utvalet. Arbeidstakarrepresentantane vert utpeika av arbeidstakarorganisasjonane etter høvetalsprinsippet og vert valde for 2 år om gongen.

## Valstyret

Dette styret skal førebu og gjennomføre val i kommunen. *Vallova* legg det meste av myndet m.o.t. dette til valstyret. Formannskapet sine medlemmer utgjer valstyret. Varamedlemmene til formannskapet er varamedlemmer til valstyret.

## Andre lovpalagde organ / tenestemenn etter særlov

Særlovene opnar i nokre tilfelle for å kunne delegere til ein bestemt tenestemann å gjere vedtak i enkeltsaker på vegner av kommunen. I andre saker legg lova slikt mynde direkte til ein bestemt tenestemann. Dette vil bli kommentert nærare i delegeringsreglementet under den aktuelle lova.

# 5. Ikkje-lovpålagde organ si samansetjing, arbeidsoppgåver og mynde

Til framsida

## Livsløpsutvalet

Utvalet er oppretta i medhald av *§ 5-7 i kommunelova*.
Utvalet har 7 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret og mellom kommunestyret sine faste medlemmer / varamedlemmer. Min. ein medlem skal samtidig vere medlem av formannskapet. Utvalet har som hovudoppgåve å vere **overordna fagorgan** for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagd å yte etter følgjande lovverk med tilhøyrande forskrifter:

Barnehagelova
Barnevernlova
Biblioteklova
Film- og videogramlova
Helsepersonellova
Kulturlova
Kulturminnelova
Lov om helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova)
Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
Matlova
Opplæringslova
Pasient- og brukarrettslova
Psykisk helsevernlova
Smittevernlova
Tobakksskadelova

Utvalet står for den politiske førebuinga av saker innanfor sitt ansvarsområde som skal til kommunestyret. Utvalet skal på eige initiativ ta opp saker og setje politisk agenda. Med unntak av eit område innanfor kultur (jf. pkt. 7,2. nedanfor ) har utvalet ikkje avgjerdsmynde. Utvalet gir si tilråding til kommunestyret i saker som ligg innanfor utvalet sitt ansvarsområde og som skal slutthandsamast i kommunestyret. I saker som formannskapet har ansvaret for / fått delegert mynde til å avgjere, gir utvalet si tilråding til formannskapet. Utvalet skal som hovudregel også uttale seg i saker som vedkjem deira saksområde, men som det ligg til andre organ å avgjere.

## Teknisk utval

Utvalet er oppretta i medhald av *§ 5-7 i kommunelova*.
Utvalet har 7 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret og mellom kommunestyret sine faste medlemmer/varamedlemmer. Min. ein medlem skal samtidig vere medlem av formannskapet. Utvalet har som hovudoppgåve å vere **overordna fagorgan** for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagd å yte etter følgjande lovverk med tilhøyrande forskrifter:

..

Brann- og eksplosjonsvernlova
Delingslova
Eigarseksjonslova
Forureiningslova (med unntak av dei delane av lova m/tilhøyrande forskrifter som formannskapet er overordna fagorgan for – sjå *kapittel 4* og *kapittel 17*)
Friluftslova
Hamne- og farvatnslova
Matrikkellova
Plan- og bygningslova (med unntak av den delen som formannskapet har ansvaret for - sjå *kapittel 4* ovanfor)
Stadnamnlova
Vass- og kloakkavgiftslova
Veglova
Vegtrafikklova

Utvalet er tillagd dei oppgåvene som kommunen sitt **tidlegare faste utval for plansaker** hadde, og har i denne samanheng fått delegert mynde til å gjere vedtak i ein god del enkeltsaker m.m. Utvalet står for den politiske førebuinga av saker innanfor sitt ansvarsområde som skal til kommunestyret, og skal på eige initiativ også ta opp saker og setje politisk agenda. Med unntak av dei sakene utvalet har fått delegert mynde til å avgjere, gjev utvalet si tilråding til kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje saker som formannskapet har ansvaret for / fått delegert mynde til å avgjere. I slike saker gir utvalet si tilråding til formannskapet. Utvalet skal, som hovudregel, også uttale seg i saker som vedkjem deira ansvarsområde, men som det ligg til andre organ å avgjere.

I samband med framlegging av forslag til nye regulelringsplanar eller liknande skal utvalet kome med framlegg til namn og skrivemåte på vegar/gater mv. som inngår i reguleringsforslaget – *jf. matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 1*.

## Beredskapsrådet

Rådet er kommunen sitt samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål, men har ikkje mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen. Rådet har til oppgåve å legge fram ein kommunal beredskapsplan og aktivt sjå til at føresetnadane i planen blir følgde opp. Rådet er samansett av medlemmene i beredskapsleiinga og representantar frå brannvernleiinga, Heimevernet, Sivilforsvaret,Tafjord kraft og Ålesund lufthamn Vigra.

## Beredskapsleiinga

Leiinga er kommunen sitt styringsorgan for å handtere alvorlege hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum, flodbølgjer m.m. – sjå beredskapsplanen.

Kommunedirektøren er leiar. Ordføraren har ansvar for å informere publikum, pressa mv.

Leiinga kan nytte inntil 1 mill. kroner utan særskilt løyving i budsjettet til rednings- og skadereduserande tiltak under ein akuttsituasjon der det ikkje er tid til å kalle inn formannskapet eller kommunestyret.

..

## Brukarutval for helse- og omsorgstenestene

Brukarutvalet skal vere ein kommunikasjons- og informasjonskanal mellom kommunen og brukarane. Utvalet skal sikre god dialog og informasjonsflyt mellom brukarane, tilsette i tenestene, administrasjonen og politikarane. Utvalet skal vere rådgivande i saker av felles karakter og vere ein pådrivar for utvikling av tenestene. Utvalet har 7 medlemmer m/varamedlemmer – 4 frå brukarane, 2 medlemmer av Livsløpsutvalet og 1 frå administrasjonen**.** Det er vedtatt eigne retningsliner for utvalet.

## Forhandlingsutval i personalsaker m.m.

Forhandlingsutvalet er **eit arbeidsutval** oppnemnt av formannskapet – *jf. § 5-6, 3. ledd*. Forhandlingsutvalet har 3 medlemmer m/varamedlemmer valde av og mellom formannskapet sine medlemmer. Formannskapet vel leiar av utvalet.

Forhandlingsutvalet førebur og gjennomfører lokale lønsforhandlingar med heimel i kap. 3.4.1 i hovudtariffavtalen med kommunedirektøren. Tilsvarande gjeld forhandlingar med Den norske lægeforening (DNLF) og andre organisasjonar om fastlegeordninga, driftsavtaler og liknande. Resultatet av forhandlingane skal leggjast fram for formannskapet til godkjenning. Dette så langt kommunestyret ikkje sjølv skal avgjere saka.

## Byggjenemnda

Nemnda tiltrer kommunale byggjeprosjekt, dvs. nybygg eller rehabiliteringsprosjekt, med ein planlagd kostnad over 20 mill. kroner.

Byggjenemnda har 3 medlemmer m/varamedlemmer:

- 1 representant frå formannskapet
- 1 representant frå teknisk utval
- 1 representant frå det livsløpsutvalet

Nemnda sitt mynde går fram av kap. 7, pkt. 2 nedanfor – sjå s. 22.

## Skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd)

Nemnda er oppretta i medhald av *eigedomsskattelova § 8 A-3 (4),* og har 3 medlemmer m/varamedlemmer. Nemnda skal verdsetje eigedomar i Giske kommune i samband med innkrevjing av eigedomsskatt i kommunen. Nemnda sitt mynde/gjeremål framgår elles av eigedomsskattelova og kommunen sine eigedomsskattevedtekter.

## Overskattetakstnemnd (sakkunnig klagenemnd)

Nemnda er oppretta i medhald av *eigedomsskattelova § 20*, og har 3 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret. Nemnda skal handsame klagar på utskriving av eigedomsskatt i kommunen. Nemnda sitt mynde/gjeremål framgår elles av eigedomsskattelova og kommunen sine eigedomsskattevedtekter.

..

## Viltnemnda

Nemnda har 3 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret. Minst 1 medlem skal vere ein folkevald representant. Nemnda har oppgåver / gjer vedtak i saker tillagde kommunen etter *viltlova* med tilhøyrande forskrifter.

# 6. Prinsipp for delegering i Giske kommune

Til framsida

## a) Retningsliner for bruk av delegert mynde

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og i samsvar med dei sakshandsamingssreglar som går fram av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal utøvast lojalt og i samsvar med retningsliner gjevne av overordna organ. Elles skal delegert mynde utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammer som er vedtekne av kommunestyret eller anna overordna organ.

## b) Tilbakekalling og kontroll av delegeringsvedtak

Det organet som har delegert mynde, kan når som helst trekkje tilbake det delegerte myndet. Organet kan også krevje å få framlagt ei sak som det underordna organet har til handsaming i samsvar med delegert mynde - *jf. kommunelova § 22-1*. Overordna organ med avgjerdsmynde kan krevje å få overta handsaminga av og gjere vedtak i enkeltsaker som underordna organ har til handsaming i samsvar med delegert mynde.

## c) Rett og plikt til a la vere a gjere bruk av delegert mynde

Underordna organ har rett og plikt til å overlate til overordna organet med avgjerdmynde å ta avgjerd i ei enkeltsak når særlege grunnar gjer at ho vil avvike frå det som er vanleg i saker som er omfatta av delegeringa, eller når det er grunn til å tru at det overordna organet sin intensjon med delegeringa ikkje er til stades - *jf. pkt.a*). Det underordna organet skal i kvart enkelt tilfelle gjere ei vurdering av om saka er av ein slik art at ho må leggjast fram for det overordna organet til avgjerd.

## d) Vidaredelegering (subdelegering)

Alt delegert mynde til eit folkevalt organ kan vidaredelegerast til andre folkevalde organ og til administrasjonen dersom ikkje lov eller anna delegeringssperre er til hinder for det. **All** delegering av mynde til administrasjonen frå eit folkevalt organ, skal skje til kommunedirektøren. Dette dersom ikkje lova/forskrifta som delegeringa skjer i medhald av, seier noko anna. Kommunedirektøren kan vidaredelegere sitt delegerte mynde til andre tilsette i organisasjonen dersom ikkje lov eller anna delegeringssperre er til hinder for det.

## e) Uklart mynde

Dersom det er uklart om eit organ har mynde til å ta avgjerd i ei sak etter delegert mynde, avgjer organet sjølv dette med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst. Eit vedtak om bruk av omstridt delegert mynde kan leggast fram for overordna organ med avgjerdsmynde etter reglane for mindretalsanke - *jf. pkt. j)* nedanfor.

## f) Korleis avgjere om ei sak er prinsipiell

I utgangspunktet vert ei sak oppfatta som kurant / ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningsliner og liknande for korleis ho skal handsamast, og/eller ein har praksis for handsaming av tilsvarande saker. Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell betydning skal handsamast i det politiske system, skal kommunedirektøren og ordførar i fellesskap søkje å avklare spørsmålet. Ved framleis tvil kan

spørsmålet avgjerast av ordføraren, eller saka kan leggjast fram for formannskapet som endeleg avgjer om ho er prinsipiell. Dei avklaringar som blir gjorde gjennom handsaming av slike tvilstilfelle, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

## g) Rapportering av vedtak

Vedtak gjorde av formannskapet, utvala o.a. etter delegert mynde frå kommunestyret, skal normalt leggjast fram som referatsak for kommunestyret i første møte etter at vedtaket er gjort. Vedtak gjort av underutvala skal normalt på same måten refererast til det organ utvalet høyrer under. Administrative vedtak i medhald av delegert mynde skal normalt refererast ved første høve til det organ som saka politisk høyrer under. For vedtak som ikkje er offentlege, kan dette gjerast ved samlerapportering ein eller fleire gongar pr. år.

## h) Rapportering i høve til budsjett og andre styringsdokument

Det skal leggjast fram for formannskapet og kommunestyret tertiale rekneskapsrapportar. Utvala skal ha tertialvise rekneskapsrapportar frå einingane innan sine ansvarsområde. Formannskapet og kommunestyret skal ha rapportane samla på overordna-/kommunenivå. Formannskapet kan likevel be om å få rapportane på eit meir detaljert nivå, t.d. på resultat-/einingsnivå. Forutan den finansielle utviklinga skal rapporteringa også innehalde ei oversikt over utviklinga for ikkje-finansielle parameter som t.d. sjukefråvær m.m. Avvik frå budsjett og andre fastsette mål skal kommenterast, og det skal framgå kva tiltak m.m. som er / vil bli iverksette for å rette opp negative avvik.

## i) Omgjeringsrett

**Eit kommunalt organ** (inkl. kommunedirektøren) kan gjere om **sitt eige vedtak** utan at det er påklaga etter dei reglar som gjeld i *forvaltningslova § 35 1. ledd*. Det vil seie når:
**a)** endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser, eller
**b)** melding om vedtaket ikkje er kome fram til vedkommande og vedtaket heller ikkje er offentleg kunngjort,
eller
**c)** vedtaket må sjåast på som ugyldig.

**Overordna organ** kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ (inkl. administrasjonen) sitt vedtak på same måte som det underordna organet sjølv kan gjere det, *jf. kommunelova § 22-1*. Dette føreset at det overordna organet har avgjerdsmynde i saka. Avgrensinga i *forvaltningslova § 35, 1. ledd* gjeld berre ved omgjering av enkeltvedtak, *jf. forvaltningslova § 3, 1. ledd*. Tilsvarande rett har kommunedirektøren for vedtak gjorde av andre i administrasjonen etter delegert fullmakt frå kommunedirektøren. Overordna organ sin rett til å gjere om eit vedtak, gjeld også vedtak som er fatta etter delegert mynde etter *kommunelova § 11-8* ("hasteparagrafen"). **Formannskapet** og **teknisk utval** vert rekna som overordna organ i høve til vedtak gjorde av administrasjonen etter delegert fullmakt frå kommunestyret innanfor deira respektive ansvars-/fagområder – *sjå bokstav k) og kapittel 7, pkt. 2* nedanfor.

## j) Mindretalsanke

I saker der mynde er delegert til eit kollegialt organ, kan 1 medlem eller ordførar krevje saka lagd fram for kommunestyret til avgjerd. Krav om slik anke må setjast fram før møtet er slutt og

protokollerast. Mindretalsanke kan ikkje brukast ved det kommunale klageorganet si handsaming av klagesaker.

## k) Klage

Partar og andre med rettsleg klageinteresse, *jf*. *forvaltningslova § 28*, kan påklage enkeltvedtak fatta av eit kommunalt organ, inkl. vedtak av administrasjonen. Enkeltvedtak gjorde etter delegert mynde kan påklagast på vanleg måte etter *forvaltningslova* (eller særlov) og til det klageorganet lova/forskrifta fastset. Ei klagesak skal i første omgang handsamast av det organet som har gjort vedtaket i første instans (førsteinstansen). Klage på enkeltvedtak gjorde av administrasjonen innanfor teknisk utval sitt ansvarsområde (sjå *kapittel 5* ovanfor) skal handsamast av utvalet før ev. oversending til klageorganet. Dette gjeld likevel ikkje når klageorganet er den kommunale klagenemnda. Utvalet kan gjere om vedtak gjorde av administrasjonen i samsvar med reglane i forvaltningslova , *jf*. *forvaltningslova §§ 33-35*. Tilsvarande skal klage på enkeltvedtak gjorde av administrasjonen innafor formannskapet sitt ansvarsområde (sjå *kapittel 4* ovanfor) handsamast av formannskapet før ev. oversending til eksternt klageorgan. Formannskapet kan omgjere vedtaket i samsvar med reglane i forvaltningslova, *jf*. *forvaltningslova §§ 33-35*. Dersom handsaminga i førsteinstansen, i teknisk utval eller i formannskapet ikkje gjev klagaren medhald, skal klaga slutthandsamast i **klageorganet**, dersom ikkje anna er særskilt bestemt i særlov e.a. Klage på enkeltvedtak gjorde av administrasjonen innanfor livsløpsutvalet sitt ansvarsområde skal sendast klageorganet direkte dersom førsteinstansen ikkje gjev klagaren medhald.

## l) Nar delegeringsreglementet ikkje seier noko

Er ei lov ikkje nemnd i delegeringsreglementet, må mynde etter lova utøvast av kommunestyret eller den lova sjølv peikar ut. Er ei forskrift ikkje nemnd i delegeringsreglementet er det avgjerande om det er gjeve ei "open delegering" eller ei "spesifikk delegering" i forskrifta. Ved open delegering er mynde etter forskrifta delegert, og ved spesifikk delegering må mynde etter forskrifta utøvast av kommunestyret eller den forskrifta sjølv peikar ut. Er eit punkt i lova/forskrifta ikkje nemnt i delegeringsreglementet, må mynde etter dette punktet som hovudregel utøvast av kommunestyret eller den lova sjølv peikar ut – *jf*. *kommunelov § 5-3.* Kommunedirektøren har også i slike saker eit mynde til å gjere vedtak når dei vert rekna for å vere kurante / *ikkje* prinsipielle, og delegeringssperrer ikkje er til hinder - *jf.* *bokstav f)* ovanfor og kommunedirektøren sine oppgåver og mynde i *kapittel 7, pkt.2* nedanfor.

# 7. Kommunelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er delegert / ikkje kan delegerast til andre, må utøvast av kommunestyret sjølv - *jf.* § 5-3 i lova.

**Kommunestyret** delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- Endring av kommunestyret sitt medlemstal - *jf.* § 5-5.
- Velje formannskap og fastsetje området for organet si verksemd - *jf.* § 5-6.
- Velje ordførar og varaordførar. Gje ordføraren mynde i saker som ikkje er prinsipielle, treffe vedtak i hastesaker og til å opprette utval som skal førebu saker som ikkje er prinsipielle - *jf.* § 6-2.
- Opprette, omorganisere og leggje ned utval og fastsetje området for deira verksemd. Velje leiar, nestleiar og øvrige medlemmer - § 5-7.
- Opprette, omorganisere og leggje ned m.m. kommunedelsutval og fastsetje utvala sine arbeidsoppgåver - *jf.* § 5-7 og § 5-8.
- Opprette, omorganisere og leggje ned kommunestyrekomitéer som saksførebuande organ for kommunestyret – *jf.* § 5-9.
- Opprette, omorganisere og leggje ned styre for kommunal institusjon og fastsetje område for deira verksemd. Vedta styret si samansetjing og ev. val av styremedlemmer – *jf.* § 5-10.
- Velje kommunen sine representantar i partssamansett utval og leiar og nestleiar mellom desse – *jf.* § 5-11.
- Velje eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd / anna medverknadsorgan for ungdom – *jf.* § 5-12.
- Vedta reglement for folkevalde organ – *jf.* § 5-13.
- Vedta reglement for delegering og innstilling – *jf.* § 5-14.
- Gjere vedtak om fritak frå politiske verv i heile eller delar av valperioden – *jf.* § 7-9.
- Vedta suspensjon og liknande av folkevalde – *jf.* § 7-11.
- Vedta reglement for dekning av utgifter og økonomisk tap – *jf.* § 8-3.
- Vedta reglement for arbeidsgodtgjøring – *jf.* § 8-4.
- Vedta godtgjering ved frikjøp – *jf.* § 8-5.
- Vedta lengden på ettergodtgjøring for folkevalde – *jf.* § 8-6.
- Gjere vedtak om å opprette / slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde – *jf.* § 8-7.
- Vedta reglement for permisjon for folkevalde – *jf.* § 8-10.
- Opprette og nedleggje kommunalt foretak, fastsetje vedtekter og velje styre, inkl. leiar og nestleiar -*jf.* §§ 9-1, 9-3 og 9-5.
- Delegere mynde til kommunalt foretak – *jf.* § 9-2.
- Vedta innføring/oppheving av parlamentarisk styreform – *jf.* § 10-1.
- Opprette og nedleggje kommuneråd, val av medlemmer m.m. – *jf.* §§ 10-2 og 10-4.
- Tildele enkeltmedlemmer av kommunerådet leiaransvar og delegere rådet mynde i saker der delegasjonssperrer ikkje er til hinder – *jf.* § 10-2.
- Vedta at folkevalde organ skal ha adgang til å halde møter som fjernmøter – *jf.* § 11-7.

..

- Gje mynde i hastesaker – *jf.* § 11-8 .
- Vedta reglement for saksbehandlinga i folkevalde organ – *jf.* § 11-12.
- Ta stilling til innbyggjarinitiativ – *jf.* § 12-1.
- Vedta at det skal haldast rådgjevande folkeavrøystingar – *jf.* § 12-2.
- Tilsetje kommunedirektør – *jf.* § 13-1.
- Vedta at leiande administrative stillingar skal tilsetjast på åremål – *jf.* § 13-2.
- Vedta retningsliner for tilsette sin møterett i folkevalde organ – *jf.* § 13-4.
- Gjere vedtak om å opprette / slutte seg til ei pensjonsordning for kommunalt tilsette – *jf.* § 13-5.
- Vedta økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar, finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi, økonomireglement og finansreglement – *jf.* § 14-2.
- Vedta rammer for årsbudsjettene til interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap – *jf.* § 14-8.
- Vedta at eit meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkjast inn seinast fire år etter at det oppstod – *jf.* § 14-11.
- Gjere vedtak om lån til eigne investeringar/ driftskreditt/ likviditetslån/ lån til vidare utlån – *jf.* §§ 14-14, 14-15 og 14-17.
- Gjere vedtak om låneopptak til andre sine investeringar / lån til innløysing av kausjonar – *jf.* § 14-16.
- Gjere vedtak om garantiar for andre sine økonomiske plikter – *jf.* § 14-19.
- Opprette interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap og gje dei mynde til å treffe enkeltvedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar – *jf.* §§ 18-1 og 19-1.
- Velje kommunen sine medlemmer/varamedlemmer i representantskapet for interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap – *jf.* §§ 18-3 og 19-3.
- Vedta samarbeidsavtaler for interkommunalt politisk råd / kommunalt oppgåvefellesskap og endringar i desse – *jf.* §§ 18-4 og 19-4.
- Gjere vedtak om interkommunalt vertskommunesamarbeid og vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemnd, inkl.nødvendige delegeringsvedtak – *jf.* §§ 20-2 og 20-3.
- Vedta samarbeidsavtaler om vertskommunesamarbeid og endringar i desse – *jf.* § 20-4.
- Opprette klagenemnd på enkelvedtak gjorde av felles folkevalgt nemnd i eit vertskommunesamarbeid – *jf.* § 20-6.
- Gjere vedtak om å løyse opp /tre ut av eit vertskommunesamarbeid – *jf.* § 20-8.
- Velje leiar, nestleiar og øvrige medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet – *jf.* § 23-1.
- Vedta plan for forvaltningsrevisjon – *jf.* § 23-3.
- Vedta plan for eigarskapskontroll – *jf.* § 23-4.
- Velje sekretariat for kontrollutvalet – *jf.* § 23-7.
- Avgjere om kommunen skal tilsette eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Tilsetje revisor – *jf.* § 24-1.
- Vedta eigarskapsmelding – *jf.* § 26-1.
- Vedta tiltaksplan for å bringe økonomien i balanse etter innmelding i ROBEK – *jf.* § 28-4.
- Gjere vedtak om betalingsinnstilling – *jf.* § 29-2.
- Uttale seg på vegner av kommunen i saker av overordna/generell karakter der andre

organ enn kommunen skal treffe avgjerd. Dette gjeld saker om kommunestruktur/-økonomi, veg-, trafikk- og kommunikasjonsmønster i fylket, fylkesplanar m.m.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 5-6, Formannskap og fylkesutvalg*, i lova

**Formannskapet** vert gjeve mynde til å gjere vedtak i alle saker der lov eller delegeringssperrer ikkje er til hinder. Dette gjeld m.a. flg.:

- Uttale seg på vegner av kommunen i saker der andre organ enn kommunen skal treffe avgjerd og som kommunestyret etter lov/vedtak ikkje sjølv skal uttale seg i eller har delegert til andre å uttale seg i.
- Sal/avhending, makeskifte og pantsetting av fast eigedom, samt avståing eller bortfeste av rett i fast eigedom. Denne retten vert avgrensa til å gjelde eigedomar som ikkje overstig 2 millionar kroner i verdi.
- Avgjere prisen på fast eigedom når kommunestyret eller andre med delegert mynde har vedteke å kjøpe, avhende eller feste bort fast eigedom eller rett i fast eigedom.
- Kjøpe, avhende og feste bort eigedomar eller rettar i eigedomar uavhengig av verdi når dette skjer som ein lekk i gjennomføringa av eit vedtak kommunestyret har gjort. Dette omfattar også gjennomføring av tiltak i samsvar med plan vedteken av kommunestyret.
- Inngå avtalar om levering, bruksrettar eller servituttar som ikkje bind kommunen for lengre tid enn 5 år når avtalen gjeld verdiar på mindre enn 2 millionar kroner.
- Løyving av midlar på dei postane som gjennom budsjettvedtak er stilte til disposisjon for formannskapet.
- Gje stemme ved uravstemming over forslag til avtale ved forhandlingar mellom Kommunenes Sentralforbund og arbeidstakarorganisasjonane, samt organisasjonar som representerer privatpraktiserande yrkesgrupper med kommunale driftsavtalar.
- Godkjenning av sentralt inngåtte avtalar mellom Kommunenes Sentralforbund og arbeidstakarorganisasjonane.
- Godkjenne/vedta resultatet av lokale forhandlingar om løns- og arbeidsvilkår for kommunedirektøren – *jf. hovudtariffavtalen pkt. 3*.
- Godkjenne/vedta resultatet av lokale forhandlingar om avtalar m.m. med representantar for privatpraktiserande yrkesgrupper med kommunale driftsavtalar.
- Handsame framlegg til kommuneplan og kommunedelplanar (som kommuneplanutval).
- Overprøve vedtak gjorde av administrasjonnen etter delegert fullmakt frå kommunestyret innanfor formannskapet sitt ansvarsområde – *jf. s. 24 flg. nedanfor, kapittel 4; Formannskapet, kapittel 6, i) og k) ovanfor og forvaltningslova § 35.*

**Formannskapet** gjer framlegg til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding og skattevedtak – *jf. § 14-3, 3. ledd*.

- Jf. *§ 6-1, Ordførerens myndighet og oppgaver*, i lova

**Ordførar** vert gjeve følgjande mynde:

- Representere Giske kommune som aksjeeigar i høve til aksjeselskap kommunen eig aksjar i. Dette grip ikkje inn i tidlegare val til konkrete verv i selskap.
- Skrive under dokument på vegner av kommunen så langt dette ikkje er delegert til andre.

- Jf. *§ 5-7*, *Utvalg*, i lova

Med unntak av det som er sagt i avsnittet nedanfor, har **livsløpsutvalet** ikkje avgjerdsmynde i saker innanfor sine ansvarsområde. Utvalet gjev sine tilrådingar direkte til kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje saker som skal gå via formannskapet / formannskapet skal gjere vedtak i etter lov, delegeringsvedtak m.m. Her tilrår utvalet overfor formannskapet. Kva forvaltningsoppgåver og tenester utvalet er overordna fagorgan for / har ansvaret for, går fram av *kapittel 5* ovanfor.

**Livsløpsutvalet** vert gjeve følgjande mynde i **kultursaker:**

- Fordele avsette kulturmidlar i årsbudsjettet til lag og foreiningar.

**Teknisk utval** vert gjeve følgjande mynde **i tillegg til** det utvalet har fått delegert av kommunestyret etter andre lover/forskrifter som t.d. plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter – sjå nedanfor under den enkelte lov:

- Overprøve vedtak gjorde av administrasjonen etter delegert fullmakt frå kommunestyret innanfor utvalet sitt ansvarsområde – *jf. s. 24 flg. nedanfor, kapittel 5: utval for miljø og tekniske saker, kapittel 6, i) og k) ovanfor og forvaltningslova § 35*.

Utvalet gjev i saker det ikkje har vedtaksmynde i, si tilråding direkte til kommunestyret. Dette gjeld likevel ikkje saker som som skal gå via formannskapet / formannskapet skal gjere vedtak i etter lov, delegeringsvedtak m.m. Her tilrår utvalet overfor formannskapet.
Kva forvaltningsoppgåver og tenester utvalet er overordna fagorgan for / har ansvaret for, går fram av *kapittel 5* ovanfor.

**Byggjenemnda** vert gjeve følgjande mynde:

Nemnda har mynde til å avklare spørsmål/forhold som vert reist/fremja av administrasjonen i høve til byggeprosjekt (nybygg/rehabiliteringprosjekt) med ein planlagd kostnad over 20 mill kroner. Dette innanfor dei rammer som er gjevne av kommunestyret gjennom prosjektmandat, løyving og delegeringsvedtak. Vedtak i nemnda skal rapporterast til formannskapet.

**Beredskapsleiinga** vert gjeve følgjande mynde:

- Å iverksetje tiltak innanfor ei ramme på kr 1.000.000,- i akuttsituasjonar der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyre.

- å vedta lokale forskrifter, jf. Kommunelova §11-8 om hastesaker, i samband med covid-19.

- Jf. *§ 5-6, 2. og 3. ledd og 5-7, 3. og 4. ledd, arbeidsutval*, i lova

**Fomannskapet og utvala** (**livsløpsutvalet og teknisk utval**) kan vedta å opprette **arbeidsutval** mellom formannskapet/utvala sine medlemmer. **Formannskapet** og **teknisk utval** kan gje arbeidsutvala mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje er prinsipielle der delegeringsperrer ikkje er til hinder. **Teknisk utval** kan dessutan gi leiaren slikt mynde. Formannskapet/utvala kan når som helst vedta å leggje ned arbeidsutvala.

*- Jf. § 11-8, Hastesaker, i lova*

**Formannskapet** vert gjeve mynde til å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjorde av anna organ, når det er nødvendig at vedtaket vert gjort så raskt at det ikkje er tid til kalle inn dette organet.

*- Jf. § 13-1, Kommunedirektøren. Myndighet og oppgaver, i lova*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak i alle saker som vert rekna for å vere kurante / ikkje prinsipielle og der delegeringssperrer ikkje er til hinder. Dette gjeld m.a. flg.:

**Personalsaker**:
Det løpande personalansvaret for den enkelte tilsette - *jf. § 13-1, siste ledd*. Dette inkluderer ikkje flg:

- å vedta leiingsfilosofi, bemanningsnormer, tal på spesialstillingar innanfor ein kategori og kva type stillingar eller tal på årsverk som skal reduserast ved nedbemanninger. Dette er ein del av arbeidsgjevarpolitikken som ligg til kommunestyret å avgjere/vedta.

**Saker knytte til kommunen sine eigedomar**:

- Forhandle i alle saker om erverv, avhending, makeskifte mv. av fast eigedom. I saker der kommunedirektøren ikkje har mynde til å gjere vedtak, gjev han/ho si tilråding til formannskapet.
- Selje næringstomter på regulert næringsområde der tomteprisen er fastsett og saka elles vert rekna som kurant.
- Selje tilleggsareal, godkjenne mellombelse bruks-/ leigeavtaler og rettar, fråfalle rettar som forkjøpsrett, festerett og servituttar når saka vert rekna som kurant.
- Selje tomter der arealet er regulert til bustadformål og tilleggsareal til bustadtomter der saka vert rekna som kurant. Slike område skal seljast til ein pris fastsett av kommunestyret, ev. etter takst.
- Rekvirere og godkjenne takstar over bustadtomter og tilleggsareal til bustadtomter i kurante saker der prisen ikkje er fastsett av kommunestyret. Der tilhøva tilseier at prisfastsetjinga bør eller kan skje på andre måtar enn ved takst, skal prisfastsetjinga gjerast av formannskapet.
- Fråfalle pant for lån i mindre parsellar og vike prioritet når dette ikkje inneber vesentleg tapsrisiko for kommunen.
- Kjøpe grunn innanfor ei beløpsgrense på 1 mill. kroner der dette skjer som ein lekk i gjennomføring av eit vedtak kommunestyret har gjort. Dette omfattar også gjennomføring

av tiltak i samsvar med plan vedteken av kommunestyret.

- Underteikne kontraktar og skøyter. Dette myndet kan delegerast vidare når det gjeld utleigekontraktar på kommunale utleigebustader og sal av kommunale bustad- og næringstomter i regulert strøk.
- Forvalte kommunen si bustadmasse. Mynde til kjøp og sal av bustader vert ikkje delegert.
- Utøve mynde i samsvar med vedtekne reglar for handel m.v. på torg og andre offentlege plassar.

**Økonomiske tilhøve**:

- Gjere innkjøp og inngå andre avtalar av rein driftsmessig karakter innanfor vedtekne budsjettfullmakter/-rammer.
- Gjennomføre konkrete låneopptak som er vedtekne av kommunestyret.
- Fordele støtte til dei politiske partia etter reglar frå FAD og kommunestyret.
- Godkjenne godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn i samsvar med reglar vedtekne av kommunestyret.
- Utøve gjeremål / gjere vedtak i samsvar med kommunen sitt finans-/økonomireglement.

**Andre saker**:

- Peike ut kommunen sine representantar i interkommunale administrative organ.
- Tildele tryggleiksalarm i samsvar med vedtekne retningsliner.
- Skrive under på vegner av kommunen på alle dokument i saker der rådmannen er delegert mynde eller ekspedisjonsdokument der politiske organ har gjort vedtak.
- Endre/oppdatere delegeringsreglementet i følgjande tilfelle:
  - Der eit regelverk, forskrift eller lov er endra eller oppheva, og mynde ikkje er ført vidare i nye paragrafar og det er behov for delegering.
  - retting av skrivefeil eller uheldig/feil redaksjonell framstilling, så lenge dette ikkje endrar det mynde som er delegert, ev. meint delegert frå kommunestyret si side.

- *Jf. § 5-11, Partssammensatte utvalg (administrassjonsutvalg)*, i lova

Utvalet skal handsame flg. saker:

- Overordna retningsliner/planar m.v. for kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk
- Likestillingsspørsmål for heile kommunen si verksemd.

- *Jf. § 8-3, Dekning av utgifter og økonomisk tap*, i lova

**Kommunedirektøren** fastset utgiftsdekning og erstatning etter denne paragrafen og i samsvar med reglement vedteke av kommunestyret.

- *Jf. § 8-4, Arbeidsgodtgjøring*, i lova

**Kommunedirektøren** fastset godtgjersle etter denne paragrafen og i samsvar med reglement vedteke av kommunestyret.

# 3. Klage

Kommunelova inneheld ingen reglar om den enkelte borgar sine rettar og plikter under handsaming av saker der han/ho er involverte. Lova gjev heller ikkje allmenta rett til å gjere seg kjend med sakene, med unntak av høve til å sjå saksdokumenta som vert lagde fram i samband

..

med innkallinga til møte i folkevalde organ. Kva rettar og pliktar den enkelte har i samband med handsaminga av slike saker, går fram av andre lover som t.d. forvaltningslova, plan– og bygningslova, barnehagelova m.v. Kven som er klageorgan for enkeltvedtak gjorde av organ oppretta i medhald av kommunelova / eigne rettssubjekt etter delegert mynde frå kommunen, går fram av *forvaltningslova § 28, 2. ledd* og den enkelte særlov – sjå nedanfor.

*Kommunelova § 27-1* inneheld ein særregel om "lovlighetskontroll" som gjev tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman høve til å bringe ein del vedtak gjorde av folkevalde organ / andre kommunale organ eller av administrasjonen inn for departementet (fylkesmannen) til kontroll av om vedtak er lovleg.

*Kommunelova §§ 20-5, 20-6 og 20-7* inneheld div. reglar om klage og "lovlighetskontroll" ved administrativt vertskommunesamarbeid og ved vertskommunesamarbeid med felles folkevalgt nemnd,

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til følgjande organ:

- Saker vedk. kommunale eigedomar og andre saker skal rapporterast til **formannskapet**.
- Innkjøpsavtalar vedk. drift og gjennomføring av vedtatte låneopptak skal ikkje rapporterast.
- Vedtak om tildeling av tryggleiksalarm skal rapporterast til **livsløpsutvalet.**
- Vedtak etter *§§ 8-3 og 8-4* i lova skal ikkje rapporterast.

Vedtak gjorde av formannskapet og utvala etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 8. Alkohollova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- *§ 1-6, Bevillingsperioden*
  Gje bevilling for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk for ein bestemt del av året etter 2. ledd, siste setning i paragrafen.

- *§ 1-7d, Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan*
  Vedta alkoholpolitisk handlingsplan.

- *§ 1-7, Bevilling for salg og skjenking*
  1.ledd: Gje skjenkebevilling eller løyve til sal av alkoholhaldig drikk for gruppe 2 og 3 for ein periode på inntil 4 år om gongen – *jf. § 1-6, 1. ledd*. Tilsvarande gjeld for skjenkebevilling eller løyve til sal av annan alkoholhaldig drikk for ein periode på inntil 4 år – *jf. § 1-6, 2. ledd*.
  5. ledd: Delegere mynde til å gje skjenkebevilling til interkommunal samanslutning.

- *§ 3-3, Fastsettelse av antall salgsbevillinger for AS Vinmonopolet*
  Fastsetje det høgste tal på salsbevillingar for AS Vinmonopolet innan kommunen og godkjenne kor desse skal etablerast i kommunen.

- *§§ 3-7 og 4-4, Tidsinnskrenkingar/-utvidingar for sal/skjenking*
  Vedta tidsinnskrenkningar/-utvidingar for sal og skjenking etter desse reglane. **Unntak** gjeld vedtak for utvida skjenketid **for eit enkelt høve** som er delegert til formannskapet – sjå nedanfor.

- *§ 7-1, Bevillingsgebyrene*
  Vedta betalingsregulativ for sal/skjenking av alkoholhaldig drikk.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 1-6, 2.ledd, Bevillingsperioden*, i lova

**Kommunedirektøren** gjev bevilling for skjenking av alkoholhaldig drikk for eit enkelt høve i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** gjev bevilling for skjenking av alkoholhaldig drikk for eit enkelt høve i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

..

*- Jf. § 1-7c, Styrer og stedfortreder,* i lova

**Kommunedirektøren** godkjenner styrar og avløysar etter denne paragrafen. Tilsvarande gjeld også å gjere unntak frå kravet om avløysar.

*- Jf. § 1-8, Inndragning av salgs- og skjenkebevillinger,* i lova

**Formannskapet** gjer vedtak om inndraging av bevilling dersom vilkåra etter § 1-7 b ikkje lenger er oppfylte, eller dersom bevillingshavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova/forskrifter gjevne i medhald av denne lova. Det same gjeld ved brot på reglar gjevne i medhald av anna lov når desse har samanheng med formåla i alkohollova.

*- Jf. § 1-9,* Kontroll med salgs- og skjenkebevillinger, i lova

**Kommunedirektøren** fører kontroll med kommunale bevillingar.

*- Jf. § 4-2, 4.ledd, Omfanget av bevillinga,* i lova

**Formannskapet** gjev løyve til utviding av bevilling til å gjelde utanfor skjenkestaden ved eit enkelt høve.

*- Jf. § 4-4, 3.ledd, Tidsinnskrenkninger for skjenking av alkoholholdige drikker,* i lova

**Formannskapet** gjer vedtak om utviding av skjenketida ved eit enkelt høve.

*- Jf. § 4-5, Ambulerende skjenkebevilling,* i lova

**Kommunedirektøren** gjev løyve til å nytte ambulerande skjenkebevillingar gjevne av kommunestyret etter denne paragrafen.

*- Jf. § 5-2* i *Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.* (om kunnskapsprøver)

**Kommunedirektøren** gjennomfører kunnskapsprøver etter denne paragrafen.

*- Jf. § 7-1* i *Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.* (om bevillingsgebyr)

**Kommunedirektøren** fastset bevillingsgebyr i det enkelte høve i samsvar med regulativ vedteke av kommunestyret, og kap. 6 i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.
*Jf.* forskrift til *§ 7-1: Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.*

*- Jf. § 9-1* i *Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.* (kontroll med skjenkestadane)

**Kommunedirektøren** gjennomfører kontroll etter denne paragrafen (kan bruke eksterne kontrollørar).

*- Jf. § 9-3* i *Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.* (opplæring kontrollørar)

**Kommunedirektøren** gjennomfører opplæring etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak gjorde etter lova med tilhøyrande forskrifter.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**. Fastsetting av bevillingsgebyr i samsvar med betalingsregulativet vert ikkje rapportert.

..

Vedtak gjorde av **formannskapet** etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

..

# 9. Barnehagelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova og tilhøyrande forskrifter:

- *§ 7 , Barnehageeierens ansvar,* i lova

  Mynde etter paragrafen til å fastsetje vedtekter og foreldrebetaling.

- *Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikkje-kommunale barnehager – jf. § 14 i barnehagelova.*
  Mynde etter denne forskrifta ved tildeling av tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar etter *§ 14, 1. og 2. ledd* i lova.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 7, Barnehageeierens ansvar,* i lova

**Kommunedirektøren** skal ivareta oppgåver og ansvar lagde til barnehageeigar etter denne paragrafen, inkl. tildeling av plass i kommunale barnehagar og private barnehagar – *jf.§ 12* om samordna opptak.

*- Jf. § 8, Kommunens ansvar,* i lova

**Kommunedirektøren** er barnehagemynde etter denne paragrafen så langt det høver og ikkje noko anna er bestemt.

*- Jf. § 10, Godkjenning,* i lova

**Kommunedirektøren** er delegert mynde etter denne paragrafen.

*- Jf. § 12, Samordnet opptaksprosess i kommunen,* i lova

**Kommunedirektøren** er delegert mynde etter denne paragrafen.

*- Jf. § 19 , Politiattest,* i lova

**Kommunedirektøren** krev politiattest etter denne paragrafen.
*Jf. forskrift til § 12 i lova: Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage*

*- Jf. § 13 , Prioritet ved opptak,* i lova

**Kommunedirektøren** har ansvar for at barn med prioritet etter denne paragrafen får plass i barnehage.

*- Jf. § 16 , Tilsyn,* i lova

**Kommunedirektøren** fører tilsyn og gjer vedtak om ev. pålegg om retting/stenging etter denne paragrafen

..

*- Jf. § 16 a, Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikke-kommunale barnehager,* i lova
**Kommunedirektøren** er delegert mynde etter denne paragrafen.

*- Jf. § 17, Styrer,* i lova

**Kommunedirektøren** er delegert mynde til å gje dispensasjon etter denne paragrafen.

*- Jf. § 18, Barnehagens øvrige personale, i lova*
**Kommunedirektøren** er delegert mynde til å gje dispensasjon etter denne paragrafen.

- *Jf.* Forskrift til *§§ 17 og 18* i lova*: Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder.*
**Kommunedirektøren** er delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

## 3. Klage

**Den kommunale klagenemnda** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak gjorde etter delegert mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter. **Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak knytte til foreldrebetaling og tildeling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**. Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak om opptak i barnehage skal ikkje rapporterast. Statistikk over talet på barn som har fått plass og talet på barn på venteliste, skal leggjast fram for **livsløpsutvalet** ein gong i året.

# 10. Barnevernlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragraf i lova:

- *§ 9-3, Kommunens rett til å kreve egenbetaling fra barnet*
  **Kommunestyret** gjer **sjølv** vedtak om slik eigenbetaling.

## 2. Delegering fra kommunestyret

Når mynde og oppgåver er lagde til **barnevernstenesta** etter lova, skal dette liggje til **kommunedirektøren** sitt ansvarsområde.
**Kommunedirektøren** er gjeven mynde og utfører oppgåver etter denne lova med tilhøyrande forskrifter når ikkje anna er sagt.

- *Jf. § 2-1, 3. ledd, Kommunens oppgaver,* i lova

**Livsløpsutvalet** er eit folkevalt organ etter denne paragrafen. Utvalet skal **ikkje** handsame klientsaker - *jf. 3. ledd.*

## 3. Andre avgjersler

Kommunen skal ha ein administrasjon med ein leiar som har ansvaret for oppgåver etter denne lova - *jf. § 2-1 3.ledd*. Stillinga som **leiar av eininga barn, familie og helse** skal ha dette ansvaret.

## 4. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova – *jf. § 6-5.*

## 5. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren / leiar av eininga barn, familie og helse etter delegert mynde, skal rapporterast til **livsløpsutvalet**.

# 11. Brann- og eksplosjonsvernlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- Gje lokale forskrifter etter *§ 7, 3. ledd*
- Gje lokale forskrifter og fatte enkeltvedtak etter *§ 13 4. ledd*
- Fastsetje lokal forskrift om gebyr etter *§ 28, 2. ledd.*
- Inngå avtale om samarbeid med andre kommunar om felles brannvern eller felles leiing av brannvernet etter *§ 9, 4. ledd*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** vert beden om å gje **kommunedirektøren i Ålesund kommune** mynde til å utføre oppgåver og gjere vedtak etter § 11 a), b), c), d) og h) og §§ 32-42 – jf. k-sak 026/12 og 096/13 og *kommunelova § 20-2, 2. ledd*. Kommunedirektøren skal elles utøve det mynde som er lagt til kommunen etter lova og tilhøyrande forskrifter med mindre anna er bestemt i dette reglementet eller myndet ikkje kan delegerast.

- *Jf. § 17 ,Tjenesteplikt i brannvesenet,* i lova

Mynde til å pålegge tenesteplikt i samsvar med denne paragrafen, vert delegert til **kommunedirektøren**.

## 3. Klage – *jf.* *§ 41*.

**Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern** er klageorgan for enkeltvedtak gjorde av kommunestyret. For enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren og av vertskommunen er **det kommunale klageorganet** klageorgan – *jf. kommuneloven § 20-5.*

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval.**

# 12. Eigarseksjonslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 8, Kommunens behandling av seksjoneringsbegjæringen*, i lova

**Teknisk uval** gjer vedtak etter 1. og 4. ledd i denne paragrafen. Tilsvarande gjeld vedtak etter 2. ledd når saka er vurdert å **ikkje** vere kurant.
**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter 2. ledd i denne paragrafen, når saka er vurdert å vere kurant.
**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter 3. ledd i denne paragrafen.

- *Jf. § 9, Seksjoneringsvedtak*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen når saka er vurdert å vere kurant.
**Teknisk utval** gjer vedtak etter denne paragrafen når saka er vurdert å **ikkje** vere kurant.

- *Jf. § 11,* Registrering og tinglysing, *i lova*
**Kommunedirektøren** utfører kommunen sine oppgåver etter denne paragrafen.

## 3. Klage – *jf. § 10*

Vedtak etter *§ 8 1. ledd* i lova kan ikkje påklagast. **Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **teknisk utval** før eventuell oversending til klageorganet – *jf. kapittel 6, k)* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval.**
Vedtak gjorde av politiske organ etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

..

# 13. Film- og videogramlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 2, Kommunal løyveordning,* i lova

**Formannskapet** gjer vedtak etter *§ 2, 1., 2. og 4. ledd*. Før formannskapet gjer vedtak, skal **livsløpsutvalet,** som hovurdregel, ha uttalt seg i saken / gjeve si tilråding. **Kommunedirektøren** fører nødvendig kontroll etter *§ 2, 3. ledd*.

## 3. Klage

**Det kommunale klageorganet** avgjer klager på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren og/eller utvalet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet.** Vedtak gjorde av utvalet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

..

# 14. Folkebiblioteklova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragraf i lova:

- *§ 4. Generelt*
- Vedta at folkebiblioteket heilt eller delvis skal drivast i fellesskap med annan kommune, fylkeskommunen eller statleg institusjon.
- Fastsetje reglement for folkebiblioteket.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver som er lagde til kommunen etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** gjer vedtak i saker som ikkje vert rekna som kurante. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg i saka / gjeve si tilråding.

## 3. Klage

Det er ikkje klagerett på vedtak gjort etter denne lova.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak gjorde av formannskapet skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 15. Folkehelselova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- *§ 6, 2. ledd, Mål og planlegging*
  Fastsetje mål og strategiar for folkehelsearbeidet.
- *§ 9, Kommunens oppgaver og delegering av myndighet*
  Delegere ansvar og oppgåver som i denne lova er lagde til kommunen innan miljøretta helsevern, til eit interkommunalt selskap.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 4, Kommunens ansvar for folkehelsearbeid,* i lova

**Livsløpsutvalet** har det overordna ansvaret etter denne paragrafen.

*- Jf. § 5, Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen,* i lova

**Kommunedirektøren** utarbeider oversikt.

*- Jf. §8, Virkeomåder og forskrifter,* i lova

Sjå eige pkt. nedanfor om forskrifter til *§§ 8 og 10*.

*- Jf. § 9, Kommunens oppgaver og delegering av myndighet,* i lova

**Kommunedirektøren** skal føre tilsyn med dei faktorar og tilhøve i miljøet som kan ha direkte eller indirekte innverknad på helsa etter kapittel 3.
**Kommuneoverlegen** gjer vedtak og set i verk tiltak etter denne paragrafen sitt 2. ledd i hastesaker.

*- Jf. § 10, 1. og 2. ledd, Meldeplikt og godkjenning,* i lova

Sjå eige pkt. nedanfor om forskrifter til §§ 8 og 10.

*- Jf. § 10, 3. ledd, Meldeplikt og godkjenning, i lova*

**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter 3. ledd i denne paragrafen om stansing av verksemd. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg i saka / gjeve si tilråding.

*- Jf. § 11, 1.ledd, Helsekonsekvensutredning,* i lova

**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg i saka / gjeve si tilråding.

*- Jf. § 12, Opplysningsplikt,* i lova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen.

..

- *Jf. § 13, Gransking,* i lova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen.

- *Jf. § 14, Retting,* i lova

**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg i saka / gjeve si tilråding.

- *Jf. § 15, Tvangsmulkt,* i lova

**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg i saka / gjeve si tilråding. Vedtaket må vere i samsvar med

*Forskrift om fastsettelse av tvangsmulkt i medhold av lov om folkehelsearbeid*

- *Jf. § 16, Stansing,* i lova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen når det er overhengande fare for helseskade.

***Forskrifter i medhald av §§ 8 og10 i lova:***

1) *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak for heile kommunen sitt ansvarsområde etter forskrifta med unntak av *§ 26* – Virkemidler og dispensasjon – der **formannskapet** har mynde til å gjere vedtak etter tilråding frå **livsløpsutvalet**.

2) *Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak for heile kommunen sitt ansvarsområde etter forskrifta med unntak av *§ 20* - Virkemidler og dispensasjon - der **formannskapet** har mynde til å gjere vedtak etter tilråding frå **livsløpsutvalet**.

3) *Forskrift om skadedyrbekjempelse*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak for heile kommunen sitt ansvarsområde etter forskrifta med unntak av *§ 5-4* – Virkemidler - og *§ 5-3, 2. ledd* om dekning av utgifter som følgje av pålegg etter *§ 2-3 og § 2-5* der **formannskapet** gjer vedtak etter tilråding frå **livsløpsutvalet**.

4) *Forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.*

*Jf. § 5, 3.ledd, 2. punktum*, Krav til lokaler og melding/godkjenning av disse:
**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak om godkjenning etter denne paragrafen.
*Jf. § 8,* Tilsyn og virkemidler:
**Kommunedirektøren** fører tilsyn med at forskrifta vert følgd – *jf. § 8, 1. ledd*. **Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter *§ 8, 2. og 3. ledd* etter tilråding frå **livsløpsutvalet**.
*Jf. § 9,* Dispensasjon:
**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak om dispensasjon etter tilråding frå **livsløpsutvalet**.

5) *Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)*

*Jf. § 18.* Unntaksbestemmelser for vannforsyning under ekstraordinære forhold:
**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter.

# 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren/kommuneoverlegen etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet / formannskapet.** Vedtak gjorde av **formannskapet** etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 16. Forureiningslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova/forskrift gitt i medhald av lova, eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova og tilhøyrande forskrifter:

- Gje forskrift etter *§ 30, 2.ledd, 1. pkt. og 3. ledd, 1. pkt*. i lova (kommunal innsamling av hushaldsavfall m.v.)
- Etter søknad unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga av hushaldsavfall m.v. – *Jf. § 30, 2. ledd, 2. setn.* i lova.
- Fastsetjing av avfallsgebyr etter *§ 34* i lova.
- Gje kommunale/interkommunale selskap mynde til å treffe enkeltvedtak etter *§ 83, 2. ledd* i lova.
- Gje løyve etter *avfallsforskrifta § 17-4.*
- Gjere vedtak etter *forureiningsforskrifta § 1-2*.
- Fastsetje forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter *forureiningsforskrifta § 2-12*.
- Fastsetje forskrift om forbodssoner for planeringsfelt etter *forureiningsforskrifta § 4-7.*
- Fastsetje forskrift om regulering av utslepp frå fyringsanlegg etter *forureiningsforskrifta § 7- 4, 4. ledd* .
- Fastsetje forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll som gjeld fyringsanlegg etter *forureiningsforskrifta § 7-5, 3. ledd*.
- Fastsetje forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll som gjeld avløp etter *forureiningsforskrifta § 11-4*.
- Fastsetje ulike satsar for tilknytingsgebyr for avløp etter *forureiningsforskrifta § 16-5*.
- Fastsetje forskrift om gebyr for lastrestar og avfall frå skip etter *forureiningsforskrifta § 20-9*.
- I tillegg til dei lokale forskriftene som er nemnde ovanfor i første kulepkt., **vedta andre lokale forskrifter** i medhald av lova / sentrale forskrifter gjevne i medhald av lova.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Formannskapet** skal utøve det mynde som etter lova er lagt til kommunen eller kommunen som forureiningsmynde - *jf. § 81* i lova.
Dette gjeld også vedtak om offentleg påtale etter *§ 78, 3. ledd* og *§ 79, 3. ledd* i lova.

*- Jf. § 7 (plikt til å unngå forurensning)* i lova

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for forureining på kommunen sine vegner etter denne paragrafen.

..

***Sentrale forskrifter til § 9 i lova:***

*1) Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav*

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne forskrifta i saker som vert vurderte å vere kurante. **Formannskapet** gjer vedtak etter *§ 33* i denne forskrifta og andre saker etter forskrifta som ikkje vert vurderte å vere kurante. Før formannskapet gjer vedtak, skal **teknisk utval** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

*2) Forureiningsforskrifta*

**Kommunedirektøren** skal utøve mynde og oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta når ikkje anna er nemnt eller mynde er delegert til andre.
**Kommunedirektøren** sitt mynde til å gjere unntak etter *§ 4-9* inneber ikkje mynde til å gjere unntak frå forskrift fastsett av kommunestyret etter *§ 4-7*.
**Kommunestyret** er hamneansvarleg etter *§ 20-4*, men **kommunedirektøren** skal utøve mynde lagt til hamneansvarleg etter dette kapitlet når ikkje anna er sagt.
Mynde etter *§ 20-11* om avfallsgebyr skal utøvast innanfor reglar fastsette av kommunestyret i forskrift etter *§ 20-9*.
**Formannskapet** er delegert mynde etter følgjande paragrafar:

- *§ 7-4, 5.ledd* (pålegg til verksemdsdrivar i staden for eigar m.m.),
- *§ 7-5, 2. og 3. ledd* (kostnadsdekning)
- Gje utsleppsløyve for private avløpsanlegg frå mindre tett busetnad etter *kapittel 13*
- *§ 41-6* (tvangsmulkt)

Før formannskapet gjer vedtak, skal **teknisk utval,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.
Klagehandsaming etter forskrifta følgjer delegeringsreglementet sine reglar om klage.

*3) Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)*

**Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap IKS (ÅRIM)** skal utøve mynde og oppgåver som er lagde til kommunen etter denne forskrifta når ikkje anna er sagt eller mynde er delegert til andre.

*- Jf. § 22 (krav til utførelse av avløpsanlegg)* i lova

**Kommunedirektøren** skal utøve det mynde som er lagt til kommunen etter denne paragrafen, med unntak av mynde etter 1. ledd, 1. pkt. som skal utøvast av kommunestyret sjølv – sjå ovanfor.

*- Jf. § 24 (drift og vedlikehold av avløpsanlegg)* i lova

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for drift og vedlikehald etter denne paragrafen sitt *1. ledd*.

*- Jf. § 26 (kommunal tømming av slam fra slamavskillere (septiktanker), privet m.v.)* i lova

**Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap IKS (ÅRIM)** har ansvaret etter denne paragrafen i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avtalar og forskrifter m.m., vedtekne av kommunestyret.

*- Jf. § 30, 1.ledd 1.pkt. (Kommunal innsamling av husholdningsavfall m.v.)* i lova

Kommunen si plikt til å samle inn forbruksavfall skal ivaretakast av **Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap IKS (ÅRIM).** ÅRIM sitt mynde og gjennomføring går fram av dei til ei kvar tid gjeldande avtalar, forskrifter m.m., som er vedtekne av kommunestyret.

..

*- Jf. § 35, 2. og 4. ledd (avfall i samband med utsalgssteder, turistanlegg, utfartssteder m.v.)* i lova

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for kommunen sine plikter etter *2. ledd*.
**Kommunedirektøren** har mynde etter *4. ledd* til å gje utøvar dei pålegga som er nødvendige til gjennomføring av reglane i *1. og 3. ledd*.

*- Jf. § 36 (avfall langs offentlige veger mv.)* i lova

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for gjennomføring av tiltak etter *1. ledd* i denne paragrafen.

*- Jf. § 37 (pålegg om å rydde opp i avfall o.l. eller betale for opprydding)* i lova

**Kommunedirektøren** skal utøve det mynde som er lagt til kommunen etter *1. ledd* i denne paragrafen.

*- Jf. § 43 (kommunal og statlig beredskap)* i lova

**Kommunedirektøren** skal sørgje for nødvendig beredskap etter denne paragrafen.

*- Jf. § 47, 1. ledd (bistandsplikt)* i lova

**Kommunedirektøren** gjev pålegg om bistand etter *1. ledd* i denne paragrafen.

*- Jf. § 74, 1. og 2. ledd (umiddelbar gjennomføring ved forurensningsmyndigheten)* i lova

**Kommunedirektøren** skal utøve det mynde som er lagt til kommunen etter denne paragrafen i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** skal utøve det mynde som er lagt til kommunen etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante. Dette gjeld likevel ikkje å fastsetje forskrift etter denne paragrafen, noko kommunestyret sjølv skal gjere vedtak om. Før fomannskapet gjer vedtak, skal **teknisk utval,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

## 3. Klage

**Kommunestyret** er klageorgan for enkeltvedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde med unntak av vedtak gjorde etter *§ 47* (bistandsplikt) i lova der **Fylkesmannen** er klageorgan – *jf*. *§ 85* i lova. **Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter avfallsforskrifta, forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav og forureiningsforskrifta.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**.
Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 17. Forvaltningslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagde til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 28, (vedtak som påklages, klageinstans),* i lova

**Det kommunale klageorganet** etter denne paragrafen sitt 2. ledd er **5 medlemmer av formannskapet** – *jf. kapittel 4* ovanfor.

Klageorgan etter denne paragrafen er **kommunestyret** når vedtaket er gjort av formannskapet. **Fylkesmannen** er klageorgan når vedtaket er gjort av kommunestyret. Tilsvarande er **Fylkesmannen** klageorgan når det gjeld klage på vedtak om å **avvise** ei klage gjort av **det kommunale klageorganet.**

**-** *Jf. kap. IX, Administrative sansjoner,* i lova

Overordna fagorgan har mynde til å vedta administrative sanksjonar etter dette kapittelet. Det føreset at organet har vedtaksmynde og at dette ikkje er delegert til andre.

*- jf. § 51, (tvangsmulkt),* i lova

Overordna fagorgan har mynde til å vedta tvangsmulkt, redusere eller fråfalle tvangsmulkt etter denne paragrafen. Det føreset at organet har vedtaksmynde og at dette ikkje er delegert til andre.

## 3. Rapportering

Det skal lagast ei oversikt over klagesaker gjennom året som skal takast inn i årsmeldinga.

# 18. Friluftslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- Vedta forbod mot ferdsel på nærare angitte strekningar etter *§ 2, 2. ledd – jf. § 24, 3. ledd*.
- Vedta forbod mot ferdsel på veg eller sti i innmark som fører til utmark etter § 3 a, 2. ledd *– jf. § 24, 3. ledd*.
- Fastsetje åtferdsreglar for visse friluftsområde etter *§ 15 – jf. § 24, 3. ledd*.
- Heil eller delvis sperring av særleg utsett område etter *§ 16 – jf. § 24, 3.ledd*.
- Gjere vedtak om innløysing av særleg utsett område etter *§ 18.*
- Klage, reise søksmål m.m. for å ivareta ålmenta sine interesser etter *§ 22, 3. ledd*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 20 (Uttalelse om tvilsspørsmål)* i lova

**Kommunedirektøren** gjev uttale etter denne paragrafen.

*- Jf. § 24 (Forholdet til forvaltningsloven, herunder om kunngjøring og klage)* i lova

**Kommunedirektøren** gjennomfører kunngjering etter *4. ledd* i denne paragrafen.

*- Jf. § 35 (Tiltak og inngrepsløyve for å lette ferdsel i utmark)* i lova

**Kommunedirektøren** har mynde etter denne paragrafen.

*- Jf. § 40 (Stansing, fjerning av ulovlige byggverk, tvangsmulkt m.v.)* i lova

**Teknisk utval** gjer vedtak etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **teknisk utval** før eventuell oversending til klageorganet – *jf. kapittel 6, k)* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval.** Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

..

# 19. Gravferdslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragraf i lova:

- Gje tilslutning til anlegg mv. av gravplass og krematorium etter *§ 4*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf.* § 9, 3.ledd , *Hvem som sørger for gravferden,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

- *Jf.* § 9, 4.ledd , *Hvem som sørger for gravferden,* i lova

**Kommunedirektøren** avgjer spørsmål som er reist etter denne paragrafen.

- *Jf. § 9, 5.ledd , Hvem som sørger for gravferden,* i lova

**Kommunedirektøren** sørgjer for gravferd etter denne paragrafen.

## 3. Klage

Det kan ikkje klagast på ei avgjerd gjort etter *§ 9, 3. ledd* i lova. **Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**.

..

# 20. Hamne- og farvatnslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova og tilhøyrande forskrifter:

- *Jf.* § 10. Delegasjon av kommunens myndighet, i lova
  Delegering av mynde til interkommunalt samarbeid eller interkommunale selskap.
- *Jf. **forskrift** med heimel i lova §§ 6 og 8: Forskrift om saksbehandlingsgebyr*
  Fastsetje kommunal forskrift om gebyr for handsaming av søknad om løyve for tiltak etter § 27 i lova. Dette så langt myndet ikkje er delegert til **Ålesundsregionens Havnevesen (ÅRH)** – sjå pkt. 2 nedanfor.
- *Jf. **forskrift** med heimel i lova §§ 8, 25 og 52: Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*
  *Jf.* forskrifta *§ 2*: Fastsetje kommunal forskrift om avgiftsplikt for hamner mv. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for – sjå pkt. 2 nedanfor.
  *Jf.* forskrifta *§ 10*: Fastsetje kommunal forskrift om innkrevjing av anløpsavgift for hamner mv. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for – sjå pkt. 2 nedanfor.
- *Jf. **forskrift** med heimel i lova §§ 8 og 13: Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø*
  *Jf.* forskrifta *§ 4*: Fastsetje kommunal (lokal) forskrift om fartsavgrensingar i sjø, elv og innsjø
  Dette så langt myndet ikkje er delegert til ÅRH – sjå pkt. 2 nedanfor.
- *Jf. § 14.  Bruk av farvann, i lova*
  Fastsetje forskrift om orden og bruk av farvatn og hamner som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for – sjå pkt. 2 nedanfor.
- *Jf. **forskrift** med heimel i lova § 40. : Forskrift om lossing, lasting, lagring og transport innen kommunens sjøområde og havner innenfor samme område av farlige stoffer og varer*
  *Jf.* forskrifta *§ 1-2:* Vedta at heile eller delar av forskrifta ikkje skal gjelde for delar av kommunen sitt sjøområde eller hamner. Slikt vedtak treng godkjenning av Kystverket. Dette gjeld likevel ikkje hamner mv. der myndet er delegert til ÅRH – sjå pkt. 2 nedanfor.
  *Jf.* forskrifta *§ 12-1*:  Gje utfyllande reglar til forskrifta der myndet ikkje er delegert til ÅRH – sjå pkt. 2 nedanfor. Treng godkjenning frå Kystverket.

..

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 10, Delegasjon av kommunens myndighet,* i lova

Ålesundregionens Havnevesen (ÅRH) får mynde til å ivareta alle forvaltningsmessige og administrative/driftsmessige oppgåver som etter lova m/forskrifter ligg til kommunen for dei kommunale hamner mv. som framgår av **k.sak 071/04** m/vedlegg. ÅRH sitt mynde går fram av dei til ei kvar tid gjeldande avtalar, vedtekter for ÅRH, kommunale vedtak mv.

- *Jf. § 9, Kommunens forvaltningsansvar og myndighet,* i lova

For dei hamnene mv. som ÅRH ikkje er delegert mynde, har **kommunedirektøren** kommunen sitt mynde og forvaltningsansvar etter denne lova med forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante og dersom ikkje anna er bestemt. **Teknisk utval** har tilsvarande kommunen sitt mynde og forvaltningsansvar etter denne lova med forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante og dersom ikkje anna er bestemt.

- *Jf. § 40, Drift og vedlikehold av havn mv.*, i lova

**Kommunedirektøren** har mynde etter denne paragrafen for dei hamnene mv. som ikkje ÅRH har fått delegert slikt mynde for.
**Teknisk utval** gjev for desse hamnene mv. som ÅRH ikkje er delegert slikt mynde for, pålegg om forsvarleg istandsetting eller fjerning av lausøyre eller hamneanlegg i saker som ikkje vert rekna som kurante etter denne paragrafen.

- *Jf. § 55, Inndrivelse av gebyr og avgift,* i lova

**Kommunedirektøren** har mynde etter denne paragrafen for dei hamnene mv. som ÅRH ikkje er delegert slikt mynde for.

- *Jf. § 57, Pålegg om retting og stansing,* i lova

**Teknisk utval** har mynde til å gjere vedtak om retting eller stansing av forhold som er i strid med bestemmelsar eller vedtak gjevne i medhald av lova etter denne paragrafen. Dette gjeld dei hamnene mv. som ÅRH ikkje er delegert slikt mynde for.

- *Jf. § 58, Forelegg om plikt til å etterkomme pålegg eller forbod,* i lova

**Teknisk utval** har mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen for dei hamnene m.v. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for.

- *Jf. § 59, Tvangsfullbyrdelse,* i lova

**Kommunedirektøren** har mynde etter denne paragrafen for dei hamnene mv. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for.

- *Jf. § 60, Tvangsmulkt,* i lova

**Teknisk utval** har mynde til å gjere vedtak om tvangsmulkt etter denne paragrafen for dei hamnene mv. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for.

- *Jf. § 61, Endring og tilbakekall av tillatelse mv.,* i lova

**Teknisk utval** har mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen for dei hamnene mv. som ikkje ÅRH er delegert slikt mynde for.

## 3. Klage

**Kystverket** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter. Enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde, skal handsamast av **teknisk utval** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**. Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 21. Helse-og omsorgstenestelova / pasient- og brukarrettslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter desse lovene, eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i helse- og omsorgstenestelova:

- *§ 3-1. Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester*
  Godkjenne overordna planar og kvalitetskrav for oppfylling av kommunen sitt ansvar etter lova. Inngå avtalar med offentlege eller private tenesteytarar om yting av kommunale helse- og omsorgstenester.
- *§ 6-1. Plikt til å inngå samarbeidsavtale*
  Inngå samarbeidsavtale med det regionale helseføretaket åleine eller saman med andre kommunar.
- *§ 6-5. Endring og oppsigelse av avtaler*
  Oppseiing av avtale med helseføretaket med eitt års frist og godkjenning av oppdateringar eller utvidingar.
- *§ 11-2. Vederlag for helse- og omsorgstjeneste*
  Vedta **betalingsregulativ** for hjelp frå den kommunale helse- og omsorgstenesta – *jf.* forskrift om egenandel for kommunale helse- og sosialtjenester.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 3-2, Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester*, i helse- og omsorgstenestelova og *§ 2-1a, Rett til nødvendig hjelp frå kommunens helse- og omsorgstjeneste*, i pasient og brukarrettslova

**Kommunedirektøren** har kommunen sitt mynde og ansvar etter desse lovene med forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante og dersom ikkje anna er bestemt. **Formannskapet** har kommunen sitt mynde og ansvar etter desse lovene med forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante og dersom ikkje anna er bestemt. Før formannskapet gjer vedtak skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

- **Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter *§ 2* i *Forskrift om oppjustering av driftsavtale for fysioterapeuter.*

- **Kommunedirektøren** får mynde til å gjere **enkeltvedtak** om eigenbetaling i samsvar med vedtatt betalingsregulativ og *Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester*.

- *Jf. § 5-3, Plikt til bistand ved ulykker og andre akutte situasjoner*, i helse- og omsorgstenestelova

..

**Kommunedirektøren** får mynde til å pålegge personell som i kommunen gjer oppgåver etter denne lova, å utføre nærmare tilvist arbeid ved ulykker og andre akutte situasjonar i eigen og andre kommunar.

- *Jf. § 3-6, Omsorgslønn*, i helse- omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gje omsorgsløn innanfor gjevne økonomiske rammer.

- *Jf. § 3-7, Boliger til vanskeligstilte*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å tildele slike bustadar.

- *Jf. § 3-8, Brukerstyrt personlig assistanse*, i helse- og omsorgstenestelova og *§ 2-1 d, Rett til brukerstyrt personlig assistanse*, i pasient- og brukarrettslova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak om BPA innanfor gjevne økonomiske rammer.

- *Jf . § 5-4, Politiattest*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** følgjer opp krav om politiattest for tilsette som er omfatta av kravet.

- *Jf. § 7-1, Individuell plan*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** utarbeider individuell plan etter denne paragrafen og i samsvar med *Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator.*

- *Jf. § 7-2, Koordinator*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** peikar ut koordinator etter denne paragrafen.

- *Jf. § 7-3, Koordinerende enhet*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å opprette koordinerande eining etter denne paragrafen.

- *Jf. § 9-3, Rett til medvirkning og informasjon*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å krevje oppnemning av hjelpeverje etter denne paragrafen.

- *Jf. § 9-5, Vilkår for bruk av tvang og makt*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter *3. ledd bokstav b og c* i denne paragrafen. Fylkesmannen skal etterprøve vedtaket – *jf. § 9-8.*

- *Jf. § 10-1, Kommunens plikt til å vurdere bruk av tvang etter melding fra pårørende*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen om det skal fremjast sak etter *§§ 10-2* eller *10-3.*

- *Jf. § 10-2, Tilbakehold i institusjon uten eget samtykke*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere mellombels vedtak etter denne paragrafen for:
*4. ledd*: Om å gjere mellombels vedtak ved spesielle høve.

- *Jf. § 10-3, Tilbakeholdelse av gravide rusmiddelavhengige*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen for:
*3. ledd*: Om vurdering minst kvar 3. månad og grunnlag for vidare tilbakehalding.
*4. ledd*: Om å la vere å sette i verk vedtak om tilhøva tilseier det.
*5. ledd*: Om å gjere mellombels vedtak ved spesielle høve.

- *Jf. § 10-6, Innledning til sak etter §§ 10-2 og 10-3*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** utarbeider krav om tiltak etter desse paragrafane.

- *Jf. § 10-7, Overprøving av tingretten*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får mynde til å bringe eit vedtak av fylkesnemnda inn for tingretten etter denne paragrafen.

- *Jf. § 10-8*, *Ansvaret for å reise tvangssak*, i helse- og omsorgstenestelova

**Kommunedirektøren** får fullmakt til å reise sak etter §§ 10-2 og 10-3.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak gjorde etter *§ 9-5, 3. ledd bokstav a* – *jf. § 9-11, 1. ledd*, og for klage på enkeltvedtak knytt til pasientrettar – *jf.* kap. 7 i *pasient- og brukarrettslova*. **Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker** er klageinstans for slike vedtak gjorde etter *§ 9-5, 3. ledd, bokstavane b og c,* og som er overprøvde av fylkesmannen – *jf. § 9-11, 2. ledd*.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal normalt rapporterast til **livsløpsutvalet.** Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 22. Hundelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt  mynde til å fastsetje forskrift etter følgjande paragrafar i lova:

- *§ 6.0, Sikring av hund ved båndtvang m.m.*
- *§ 9, 1. ledd, bokstav e, Unntak fra sikringsreglene*
- *§ 11. Ro og orden mv.*
- *§ 12.  Antall hunder i en husholdning eller på en eiendom*

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

## 3. Klage

Kommunestyret sitt vedtak om innføring av bandtvang etter *§ 6, 2. ledd, bokstav f*, kan påklagast til **fylkesmannen** – *jf. § 6, 3. ledd, siste setning*. **Fylkesmannen** er også klageorgan for ev. kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde, skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**. Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 23. Husbanklova og bustønadslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde til:

- å fastsetje kommunalt regelverk etter *§ 10* i *Forskrift om startlån fra Husbanken*
- å vedta kommunalt regelverk for tildeling og utmåling av tilskot etter *§ 5* i *Forskrift om tilskudd til etablering og tilpasning av bolig, med mer.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. forskrifter til Husbanklova § 1:*

*a) Forskrift om startlån fra Husbanken.*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gje startlån i samsvar med denne forskrifta og etter dei retningsliner og økonomiske rammer som er gjevne av kommunestyret etter denne forskrifta.

*b) Forskrift om tilskudd til etablering og tilpasning av bolig, med meir*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gje bustadtilskot i samsvar med denne forskrifta og etter dei retningsliner og økonomiske rammer som er gjevne av kommunestyret etter denne forskrifta.

*- Jf. Lov om bostøtte, § 7.*

**Kommunedirektøren** administrerer bustønadsordninga på kommunen sine vegner saman med Husbanken.

## 3. Klage

**Det kommunale klageorganet** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak om tildeling av startlån og bustadtilskot. Klageorgan for vedtak gjorde av Husbanken om bustønad er ei **særskild statleg klagenemnd** - *jf. bostøttelova § 13*.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**.

# 24. Introduksjonslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret -*jf. kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører dei oppgåver som er lagde til kommunen etter denne lova.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova – *jf. §§ 21* og *22*. Klage på vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet** to gonger i året. Dette gjeld også vedtak om tilleggsytingar.

# 25. Jordlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

- *Jf.* § 3, *Handsaming av landbrukssaker,* i lova

Kommunen sitt mynde går fram av *§ 1 i Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven (FOR-2003-12-08-1479: Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.)- overføringsvedtak.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf.* § 1 *i Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.*

*Kommunedirektøren vert beden om å gje* ***kommunedirektøren i Ålesund kommune*** *mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante – jf. k-sak 040/10 og kommunelova § 20-2, 2. ledd. Dette gjeld* ***ikkje*** *kurante frådelings- og omdisponeringssaker etter lova med tilhøyrande forskrifter som* ***kommunedirektøren*** *sjølv får mynde til å gjere vedtak i.* ***Landbruksnemnda*** *(formannskapet) får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.*

- *Jf.* forskrift til § 3 i lova: *Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven ( FOR-2003-12-08-1480).*

**Kommunedirektøren** har ansvar for å innhente nødvendige opplysningar og tilrettelegge saker etter lova – *jf. § 1* i forskrifta. **Landbruksnemnda** (formannskapet) skal gi uttale i saker der avgjerdsmyndet er lagt til andre enn kommunen og kor kommunen er pålagd å gi slik uttale – *jf. § 1* i forskrifta.
**Kommunedirektøren** hentar inn dei statistiske opplysningane som Landbruksdepartementet ber om, og stiller til rådvelde dei nødvendige saksdokumenta departementet ber om i samband med evaluering av praktiseringa av lova – *jf. § 2* i forskrifta.

- *Jf. § 6, Arbeidsoppgåver,* i lova

**Kommunedirektøren** har ansvaret for at dei oppgåver som er lagde til kommunen etter denne paragrafen vert gjennomførde.

- *Jf.* forskrift til *§ 11, 2. ledd* i lova*: Forskrift om nydyrking (FOR-1997-05-02-423).*

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for saksførebuinga etter *§ 9* i forskrifta.
**Kommunedirektøren** fører tilsyn med at reglane i forskrifta og vedtak vert gjennomførde, og gir fylkesmannen melding om ev. brot – *jf.* § 12 i forskrifta.

- *Jf. § 19, Tilsyn,* i lova

**Kommunedirektøren** fører tilsyn etter denne paragrafen.

..

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal handsamast av **landbruksnemnda** (formannskapet) før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal rapporterast til **landbruksnemnda** (formannskapet)**.** Vedtak gjorde av landbruksnemnda (formannskapet) etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 26. Konsesjonslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

- *Jf. §§ 2 (virkemiddel) og 14 (forskrift om saksbehandlingen)* i lova

Kommunestyret har mynde delegert etter *Vedtak om overføring av mynde til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven (FOR-2003-12-08-1479: Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.) - overføringsvedtak*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 1 i Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.*

Kommunedirektøren vert beden om å gje **kommunedirektøren i Ålesund kommune** mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante – *jf. k-sak 040/10 og kommunelova § 20-2, 2. ledd.* Dette gjeld **ikkje** vedtak i kurante saker om tildeling av konsesjoner etter lova med tilhøyrande forskrifter som **kommunedirektøren** sjølv skal gjere vedtak i. **Landbruksnemnda** (formannskapet) får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna som kurante.

- *Jf.* forskrift til *§ 14* i lova*: Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven (FOR- 2003-12-08-1480).*
**Kommunedirektøren** har ansvar for å innhente nødvendige opplysningar og for å tilretteleggje saker etter lova – *jf. § 1* i forskrifta. **Landbruksnemnda** (formannskapet) gir uttale i saker der avgjerdsmyndet er lagt til andre enn kommunen og kor kommunen er pålagd å gi slik uttale – *jf. § 1* i forskrifta.
**Kommunedirektøren** hentar inn dei statistiske opplysningane som Landbruksdepartementet ber om, og stiller til rådvelde dei nødvendige saksdokumenta som departementet ber om i samband med evaluering av praktiseringa av lova – *jf. § 2* i forskrifta.

- *Jf. § 11 (vilkår for konsesjon)* i lova

Det organ som tek avgjerd om at konsesjon skal gjevast, har også mynde til å sette vilkår etter denne paragrafen.

- *Jf. § 17 (kontroll med at vilkår overholdes m.m.)* i lova

**Kommunedirektøren** fører tilsyn etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde, skal handsamast av landbruksnemda (formannskapet) før ev. oversending til klageorganet – sjå *kapittel 6, k),* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal rapporterast til landbruksnemnda (formannskapet). Vedtak gjorde av landbruksnemnda (formannskapet) etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 27. Kulturlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret – *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret har det overordna ansvar for å fremje og tilretteleggje for eit breidt spekter av kulturverksemd i kommunen i samsvar med det som er sagt i *§ 4 i lova*, og å syte for at dei oppgåvene som er nemnde i *§ 5 i lova* blir ivaretekne.

## 2. Delegering fra kommunestyret

Kommunedirektøren gjer vedtak og utfører oppgåver etter loven i samsvar med retningsliner gjevne av kommunestyret.

## 3. Klage

Det er ikkje klagerett på kommunale vedtak gjorde etter denne lova.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren skal rapporterast til livsløpsutvalet.

# 28. Kulturminnelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret – *jf. kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret delegerer ikkje sitt mynde etter følgjande paragraf i lova:

- Gi uttale til forslag om freding etter *§ 22 nr. 3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver etter lova med eventuelle forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** gjer vedtak i saker som ikkje vert rekna som kurante. Før formannskapet gjer vedtak, skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

## 3. Klage

Det er ikkje klagerett på kommunale vedtak gjorde etter denne lova.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren skal rapporterast **livsløpsutvalet**. Vedtak gjorde av livsløpsutvalet skal rapporterast til **kommunestyret.**

..

# 29. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova med tilhøyrande forskrifer:

- Gje forskrifter etter *§ 5, 1. ledd, jf. § 5, 2. ledd* i lova - *jf*. også *§ 1 i Forskr. om forbod mot helikopterskiing m.m.*
- Gje reglar etter *§ 3, 2. ledd i Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 6 (tillatelser etter søknad)* i lova.

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som gjeld eit bestemt høve og som vert rekna som kurante. **Formannskapet** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som gjeld for eit bestemt tidsrom og i saker som ikkje vert rekna som kurante.

- *Jf.* forskrift til *§ 4a* i lova*: Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag:*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter *§ 5* i forskrifta.
**Formannskapet** får mynde til å gjere vedtak etter *§§ 5a* og *6* i forskrifta.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter – *jf. § 6, 3. ledd* i lova og *§ 7, 3. ledd* i *Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet.**
Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 30. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragrafar i lova:

- *§ 3, Kommunens ansvar*
  Å gjere vedtak om at mynde etter denne lova vert delegert til eit interkommunalt organ eller ein annan kommune.
- *§ 18, Stønad til livsopphold*
  Kommunestyret gjev retningsliner for stønadsnivået.
- *§ 46, Folkevalgt organs sammensetning i enkeltsaker*
  Kommunestyret gjer vedtak om eit folkevalt organ skal handsame saker som gjeld enkeltpersonar etter lova, inkl. å vedta talet på medlemmar i organet, som kan vere frå tre til fem.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 3, Kommunens ansvar*, i lova

**Livsløpsutvalet** har det overordna ansvaret for oppgåver lagde til kommunen etter dette lovverket. **Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver som er lagde til kommunen etter denne lova og tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** gjer vedtak i saker etter lova og tilhøyrande forskrifter i saker som **ikkje** vert rekna for å vere kurante. Før formannskapet handsamar slike saker, skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

- *Jf. § 49, Avgjørelse av tvister*, i lova

**Formannskapet** gjer vedtak om at eventuelle tvistar etter *§ 3* (mellom kommuner) skal avgjerast av Fylkesmannen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter.

## 4. Rapportering

Oversikt over vedtak (type og tal) gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet** to gongar i året. Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 31. Lov om tilskot til livssynssamfunn

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf.* § 3 (kommunalt tilskot) i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om tildeling av tilskot etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Departementet** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde, skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**.

# 32. Lov om trussamfunn og ymse anna

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 19 2. ledd og § 19a* (årlege kommunale tilskot til trussamfunn) i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om tildeling av tilskot etter desse paragrafane.

- *Jf. § 20* (årlege tilskot til religionsopplæring for barn som er fritekne for kristendomsopplæring i grunnskulen) i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om tildeling av tilskot etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Departementet** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde, skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**.

# 33. Matrikkellova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* kommunelova § 5-3.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- § 5a, 2.ledd, Matrikkeleiningar
  Mynde til etter avtale å overlate til andre å utføre oppmålingsforretningar på sine vegner. Mynde til etter avtale å overlate til annan kommune etter reglane i kommunelova kap. 5, eller til sentralmatrikkelstyresmakt, å føre matrikkelen på sine vegner.
- *§ 32, Offentlege gebyr og betaling for matrikkelopplysningar*
  Mynde til fastsetjing av gebyrregulativ for tenester etter lova.
- *§ 44, Ekspropriasjon*
  Mynde til ekspropriasjon for gjennomføring og sikring av tiltak og innretningar i samband med grunnlagsmåling.
- *§ 21, Fastsetjing av offisiell adresse*

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** vert gjeve mynde til å gjere vedtak / utføre kommunen sine oppgåver etter følgjande paragrafar i lova i saker som vert rekna for å vere kurante:

*- § 6, Krav om oppmålingsforretning før matrikkelføring*

*- § 7 3. ledd, Krav om klarlagd grense før tinglysing av heimelsovergang*

*- §9, 1. ledd, bokstav f) og g) og 2. ledd bokstav b), Kven som kan krevje matrikkelføring av ny matrikkeleining o.a.*

*- § 14, 2.ledd, Registrering av jordsameige*

*- § 17, 1. ledd, bokstav b), Klarlegging av eksisterande grense*

*- § 18, Samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar*

*- § 19, Avtale om eksisterande grense*

*- § 20, Fastsetjing av samla fast eigedom*

*- § 22, Generelt om føring av matrikkelen*

*- § 23, Tildeling av matrikkelnummer*

*- § 24, Tinglysing og utferding av matrikkelbrev*

..

- § 25, Matrikkelføring av opplysningar om bygningar, adresser, eigarseksjonar, kommunale pålegg o.a.

*- § 26, Retting av opplysningar i matrikkelen og sletting av matrikkeleining*

*- §27, 1. ledd, Komplettering av opplysningane i matrikkelen*

*- § 29, Innsyn i matrikkelen*

*- § 30, Utlevering og behandling av opplysningar frå matrikkelen*

*- § 31, 2. ledd, Bruk av matrikkelnemningar i offentleg saksbehandling, bruk av kart saman med matrikkelen, o.a.*

*- § 32, 1. ledd, Offentlege gebyr og betaling for matrikkelopplysningar*

Fastsetje gebyr i ei sak i samsvar med gebyrregulativ vedteke av kommunestyret

*- § 35, Rekvisisjon og fullføring av oppmålingsforretning*

*- § 39, 2. ledd, Geodetisk grunnlag*

*- 42, 2. ledd, Fjerning av fastmerke og signal*

**Teknisk utval** vert gjeve mynde til å gjere vedtak etter dei same paragrafane i lova i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

**Teknisk utval** vert dessutan gjeve mynde til å gjere vedtak etter følgjande paragrafar i lova:

*- § 48, Tvangsmulkt*

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak og utføre oppgåver lagde til kommunen i FOR-2009-06-26-864, *matrikkelforskrifta*, i saker som vert rekna for å vere kurante. **Teknisk utval** vert delegert mynde etter forskrifta til å gjere vedtak i saker som ikkje vert rekna som kurante.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **teknisk utval** før eventuell oversending til klageorganet – *jf. pkt. 6, k)* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**. Vedtak gjorde av teknisk utval etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

..

# 34. Naturmangfaldlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret – *jf. kommunelova § 5-3.*

Kommunestyret sitt mynde etter etter flg. paragrafar i lova vert **ikkje** delgert:

- Gje uttale til framlegg om verneforskrift – *jf. § 43, 3. ledd*.
- Vedta forskrift om at reglane i §§ 53 til 56 også skal gjelde for kommunen sin forvaltning av førekomster av andre nærare fastsatte naturtypar – *jf. § 53, 5. ledd*.
- Godkjenne miljøplan frå eigarar/brukarar av jorbrukseigedomar som inneheld førekomster av utvalde naturtypar – *jf. § 55, 2. ledd*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- Kommunedirektøren gjer vedtak og utfører oppgåver etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante.
- Formannskapet gjer vedtak og utfører oppgåver etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna som ikkje vert rekna for å vere kurante.

## 3. Klage

Miljødirektoratet er klageorgan for vedtak gjorde av kommunale organ, med mindre noko anna er vedtatt – *jf. § 62, 2. ledd*.

## 4. Rapportering

Vetak gjorde av administrasjonen etter delegert mynde skal rapporterast til formannskapet. Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til kommunestyret.

# 35. Odelslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunen sitt mynde går fram av § 1 i Vedtak om overføring av mynde til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven (FOR-2003-12-08-1479: Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.) - overføringsvedtak.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 1 i Forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl.*

Kommunedirektøren vert beden om å gje **kommunedirektøren i Ålesund kommune** mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante – *jf. k-sak 040/10 og kommunelova § 20-2, 2. ledd*. Dette gjeld **ikkje** kurante saker om bu og driveplikt som **kommunedirektøren** sjølv skal gjere vedtak i. **Landbruksnemnda** (formannskapet) får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

*- Jf. §§ 1og 2 i Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen (FOR-2003-12-08-1480)*

**Kommunedirektøren** hentar inn nødvendige opplysningar og tilrettelegg saker etter lova – *jf.* § 1 i forskrifta.
**Kommunedirektøren** hentar inn dei statistiske opplysningane Landbruksdepartementet ber om, og stiller til rådvelde nødvendige saksdokument departementet ber om i samband med evaluering av praktiseringa av lova – *jf.* § 2. **Landbruksnemnda** (formannskapet) gir uttale i saker der avgjerdsmyndet er lagt til andre enn kommunen og kor kommunen er pålagd å gi slik uttale – *jf.* § 1 i forskrifta.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal handsamast av **landbruksnemnda** (formannskapet) før ev. oversending til klageorganet – *jf. pkt. 6, k),* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal rapporterast til **landbruksnemnda** (formannskapet)**.** Vedtak gjorde av formannskapet (som landbruksnemnd) etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 36. Offentleglova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 29. Kva organ skal avgjere innsynskravet mv.*, i lova

Førespurdnader om dokumentinnsyn etter denne lova vert avgjorde av **kommunedirektøren**.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter lova. Klage på vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde frå kommunestyret, skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Negative vedtak gjorde etter delegert mynde, skal rapporterast til **formannskapet**.

# 37. Opplæringslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragrafar:

- Vedta å sende søknad til departementet om løyve til å gjere avvik frå lova m/forskrifter i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk – *jf. § 1-4* i lova.
- Vedta forskrifter om undervisningstid utover dei timerammene som departementet har fastsett – *jf. § 2-2, 2. ledd* i lova.
- Vedta å søkje departementet om løyve til avvik frå *§ 2-2, 1. ledd* i lova og frå forskrifter om læreplanar – *jf. § 2-2, 5. ledd* i lova.
- Vedta forskrifter om kva målform som skal vere hovudmålet i dei enkelte skulane – *jf. § 2-5, 1. ledd* i lova.
- Vedta rådgjevande folkerøysting i samband med skifte av hovudmål – *jf. § 2-5, 7. ledd, 1. setning* i lova.
- Vedta forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskulen – *jf. § 2-9* i lova.
- Vedta at pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) skal organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen – *jf. § 5-6* i lova.
- Vedta forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til – *jf. § 8-1, 1. ledd* i lova.
- Vedta avtale med ein nabokommune om at eit område i kommunen soknar til ein skule i nabokommunen – *jf. § 8-1, 2. ledd* i lova.
- Velje den eine av kommunen sine to representantar i samarbeidsutvalet ved kvar grunnskule i kommunen. (Den andre representanten skal vere rektor ved den enkelte skule.) - *jf. § 11-1, 1. ledd* i lova.
- Gje samarbeidsutvalet styringsoppgåver og i denne samanheng oppnemne fleire representantar til utvalet – *jf. § 11-1, 3. ledd, 1. setning* i lova.
- Oppnemne samarbeidsutvalet som styre for skulen etter §§ 5-10 og 10-8 i **kommunelova** – *jf. § 11-1, 3. ledd, 2. setning* i lova.
- Oppnemne eit anna styre for skulen enn samarbeidsutvalet – *jf. § 11-1, 3. ledd, 3. og 4. setning* i lova.
- Skipe eit felles samarbeidsutval for grunnskule og kommunal eller privat barnehage – *jf. § 11-1, 4. ledd* i lova.
- Opprette og velje kommunen sin(e) representant(ar) i skulemiljøutvalet – *jf. § 11-1a, 1. ledd* i lova.
- Vedta at samarbeidsutvalet skal vere skulemiljøutval – *jf. § 11-1a, 2. ledd* i lova.
- Vedta etablering/organisering av eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge – *jf. § 13-6* i lova.
- Vedta vedtekter for skulefritidsordninga – *jf. § 13-7, 3. ledd* i lova.
- Gjere vedtak om eigenbetaling frå foreldra til dekning av kommunen sine utgifter til

skulefritidsordninga – *jf.* *§ 13-7, 5. ledd* i lova.

- Godkjenne avtale med private om drift av skulefritidsordninga – *jf.* *§ 13-7, 7. ledd* i lova.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*- Jf. § 2-1.* Rett og plikt til grunnskoleopplæring, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om forskyvd skulestart etter denne paragrafen sitt *3. ledd*.
**Kommunedirektøren** gjer vedtak om fritak frå opplæringsplikta etter denne paragrafen sitt *4. ledd*.
**Formannskapet** fremjar krav om offentleg påtale etter *5. ledd* i paragrafen. Før formannskapet gjer vedtak om offenleg påtale, skal **livsløpsutvalet,** som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

- Jf. *§ 2-2. Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid*, i lova

**Kommunedirektøren** gjev forskrift etter denne paragrafen sitt *4. ledd*.

- Jf. *§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen sitt *1. ledd, siste setning*.

*- Jf. § 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 2-6. Teiknspråkopplæring i grunnskolen*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen sitt *2. ledd*.

*- Jf. § 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 2-14. Punktskriftopplæring m.m*, i lova.

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 2-16. Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*, i lova

**Kommunedirekøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-1. Rett til grunnskoleopplæring for vaksne*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om opplæring etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-2. Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om spesialundervisning etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-4. Kommunen si plikt til å sørgje for grunnskoleopplæring for vaksne*, i lova

**Kommunedirektøren** har ansvar for kommunen sine plikter / gjer nødvendige vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-7. Skyss m.m.*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om innlosjering etter denne paragrafen.

..

*- Jf. § 4 A-8. Rådgiving,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-9.  Bortvising,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om bortvisning etter denne paragrafen.

*- Jf. § 4 A-13. Opplæring av vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK),* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 5-1. Rett til spesialundervisning,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om spesialundervisning etter denne paragrafen.

*- Jf. § 5-5. Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa og om kompetansekrav,* i lova

**Kommunedirektøren** har ansvaret for at det blir utarbeidd individuell opplæringsplan for elevar med spesialundervisning.

*- Jf. § 5-7. Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 7-1.  Skyss og innlosjering i grunnskolen,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak om innlosjering etter paragrafen sitt *4. ledd*.
**Kommunedirektøren** fører tilsyn med grunnskuleelevar som er innlosjerte – *jf. 5. ledd* i paragrafen.

*- Jf. § 8-1.  Skolen,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen sitt *3. ledd*.

*- Jf. § 10-2. Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag,* i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter *3. og 4. ledd* i paragrafen om fråvik frå krav om relevant kompetanse i undervisningsfag.

*- Jf. § 10-9. Politiattest,* i lova

**Kommunedirektøren** krev politiattest etter denne paragrafen.

*- Jf. § 11-2. Elevråd ved grunnskolar,* i lova

**Kommunedirektøren** fastset talet på elevrepresentantar i elevråda i  grunnskulen.

*- Jf. § 13-4. Ansvaret for skoleskyss m.m.,* i lova

**Kommunedirektøren** har ansvar for gjennomføringa av kommunen sine pliktar / gjer nødvendige vedtak etter denne paragrafen.

*- Jf. § 13-7,  7.ledd. Skolefritidsordninga,* i lova

**Kommunedirektøren** godkjenner og fører tilsyn etter denne paragrafen med private skulefritidsordningar.

*- Jf. §13-7 a. Plikt for kommunen til å ha eit tilbod om leksehjelp,* i lova

**Kommunedirektøren** sørgjer for å få etablert eit tilbod om leksehjelp etter denne paragrafen.

*- Jf. § 13-10.  Ansvarsomfang,* i lova

**Kommunedirektøren** etablerer forsvarlege system etter *2. ledd, 1 og 2. setning* i denne paragrafen. **Kommunedirektøren** har også ansvar for utarbeidinga av den årlege rapporten om

tilstanden i grunnskuleopplæringa som nemnd i *2. ledd, 3. og 4. setning* i parargrafen.

*- Jf. § 14-3. Kommunalt tilsyn med heimeopplæring*, i lova

**Kommunedirektøren** fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skule, og kan kalle dei inn til særskilte prøver.
**Kommunedirektøren** gjer vedtak om at barn og unge skal gå i skule dersom vilkåra i lova m/forskrifter for heimeopplæring ikkje er oppfylte.

*- Jf. forskrift til opplæringslova – FOR-2006-06-23-724*

**Kommunedirektøren** gjennomfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen eller skuleeigar i denne forskrifta. **Kommunedirektøren** har mynde til å gjere vedtak etter reglane i forskrifta i saker som vert rekna for å vere kurante. **Formannskapet** har mynde til å gjere vedtak etter forskrifta i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante. Før formannskapet gjer vedtak, skal **livsløpsutvalet**, som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve si tilråding.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for enkeltvedtak som er gjorde av kommunen etter denne lova med tilhøyrande forskrifter.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak om spesialundervisning etter *kap. 5* skal ikkje rapporterast, men statistikk over talet på søknadar som er innvilga/avslegne skal leggjast fram for **utvalet** to gongar årleg. Vedtak gjorde av formannskapet skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 38. Plan- og bygningslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- Ha leiinga av den kommunale planlegginga og sjå til at plan- og bygningslovgjevinga i kommunen vert følgd - *jf. § 3-3, 2. ledd (jf. § 3-2, 1. ledd)*.
- Gjere vedtak om kven som skal ta i vare barn og unge sine interesser i plansaker - *jf. § 3-3, 3. ledd* i lova.
- Vedta overføring av planførebuing til eit statleg eller regionalt organ – *jf. § 3-7, 1. ledd*.
- Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplan - *jf. § 3-3, 2. ledd, 1. setning, § 10-1, § 11-15 og § 12-12*.
- Fastsetje planprogram for kommuneplan – *jf. § 4-1 og § 11-13*.
- Fremje motsegn mot planforslag frå andre kommunar i spørsmål som har mykje å seie for innbyggjarane i kommunen, for næringslivet eller for kommunen si eiga verksemd – *jf. § 5-4, 2. ledd*.
- Gjere vedtak om å bringe regional plan eller regional planføresegn inn for departementet – *jf. § 8-4, 2. ledd*.
- Vedta interkommunalt plansamarbeid – *Jf. § 9-1*.
- Vedta organisering av interkommunalt plansamarbeid, inkl. val av medlemmer til styret - *jf. § 9-2*.
- Vedta å gje styret for interkommunalt plansamarbeid mynde til å treffe vedtak om planprosessen – *jf. § 9-3*.
- Gjere vedtak om å be regionalt planmynde ta over det interkommunale planarbeidet som regional plan – *jf. § 9-4*.
- Godkjenne avtale om gjennomføring av planar som er vedtekne på grunnlag av interkommunalt plansamarbeid – *jf. § 9-6*.
- Vedta forlenging av planvedtak – *jf. § 12-4, 5. ledd*.
- Gjere vedtak om oreigning til gjennomføring av reguleringsplan - *jf. § 16-2* i lova.
- Gjere vedtak om oreigning uavhengig av reguleringsplan - *jf. § 16-3* .
- Gjere vedtak om oreigning til vass- og avløpsanlegg - *jf. § 16-4*.
- Gje grunneigar samtykke til å utføre oreigning til tilkomst, avløpsanlegg og fellesanlegg samt parkbelte i industriområde – *jf. § 16-5*.
- Gjere vedtak om oreigning til tomtearrondering – *jf. § 16-6, 1. ledd*.

..

- Gje grunneigar samtykke til å utføre oreigning for tileigning av mindre stykke ikkje utbygd grunn i dei tilfella kommunen har stilt som vilkår for å gi byggeløyve for tiltak etter *§§ 20-1 og 20-2* at han tileignar seg desse for å gi tomta ei meir hensiktsmessig grense eller form – *jf. § 16-6, 2. ledd*.
- Krevje skjøn til fastsetting av erstatning for tilfelle av oreigning etter *§ 16-2 – jf. § 16-8* (forsøkstakst).
- Gjere vedtak om utviding av oreigning i samsvar med *§ 16-9, 2. ledd*.
- Vedta føresetnader for bruk av utbyggingsavtaler - *jf. § 17-2* .
- Fastsetje gebyr for tenester etter lova - *jf. § 33-1*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

Kommunestyret delegerer til **teknisk utval** elles sitt mynde i alle saker etter lova som ligg under del 2 – *Plandel*, del 3 – *Gjennomføring*, del 4 – *Byggesaksdel* og del 5 – *Håndhevings- og gebyrregler* i lova. Dette gjeld likevel ikkje førebuing, samordning og utarbeiding av forslag til til kommuneplan og kommunedelsplanar etter særlov (overordna/strategisk planlegging) som **formannskapet** har ansvaret for. Formannskapet fungerer i denne samanheng som **kommuneplanutval**.

**Kommunedirektøren** får mynde til å gjere vedtak etter lova med tilhøyrande forskrifter i alle saker som er lagde til kommunen og som vert rekna for å vere kurante. Saker etter lova med tilhøyrande forskrifter som ikkje vert rekna som kurante, skal handsamast av **teknisk utval**.

## 3. Vidaredelegering (subdelegering)

**Teknisk utval** sitt mynde kan **ikkje** vidaredelegerast i følgjande saker:

- Handsame forslag til reguleringsplanar og fremje desse for kommunestyret, - *jf. § 12-12* i lova.
- Vedta mindre reguleringsplanar i samsvar med kommuneplanen sin arealdel - *jf. § 12-12, 2. ledd* i lova.
- Fastsetje planprogram for reguleringsplanar og mindre endringar av kommuneplanen sin arealdel - *jf. § 12-9 og § 11-17* i lova.
- Vedta endringar og oppheve mindre endringar i reguleringsplan, eller vedta utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplan - *jf. § 12-14* i lova.

## 4. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av **kommunedirektøren** etter delegert mynde skal handsamast av **teknisk utval** før eventuell oversending til klageorganet – *jf. pkt. 6, k)* ovanfor.

## 5. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**.
Vedtak gjorde av teknisk utval skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 39. Serveringslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* kommunelova *§ 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- *§ 15. Åpningstider*
  Mynde til å fastsetje forskrift om opningstider etter 1. ledd i paragrafen.
- *§ 19. Tilbakekall av serveringsbevilling*
  Mynde til å gjere vedtak om tilbakekalling av serveringsbevilling

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** gjev bevilling og forvaltar kommunen sitt mynde i samsvar med lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna som kurante. **Formannskapet** får mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna som kurante. Dette gjeld m.a. vedtak etter *§ 18. Suspensasjon av bevilling,* i lova når det er tid til å legge saka fram for formannskapet til handsaming. I motsett fall avgjer kommunedirektøren spørsmålet.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde etter delegert mynde av kommunedirektøren skal rapporterast til **formannskapet**. Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

..

# 40. Skogbrukslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* kommunelova *§ 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** vert gjeven mynde og ansvar for heile denne lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna som kurante. **Landbruksnemnda** (formannskapet) får tilsvarande mynde i saker som **ikkje** vert rekna som kurante, inkl. å gjere vedtak etter flg. paragrafar i lova med tilhøyrande forskrifter:

- *§ 7, Vegbygging i skog, i lova*
- *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål (FOR-1996-12-20-1200)*
- *§ 23, Tvangsmulkt, i lova*

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskriter. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde frå kommunestyret, skal handsamast av landbruksnemnda (formannskapet) før ev. oversending til klageorganet – *jf.* *kapittel 6, f)* ovanfor.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet** (som landbruksnemnd**).** Vedtak gjorde av landbruksnemnda (formannskapet) etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 41. Smittevernlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter lova i flg. saker:

- Gjere vedtak etter *§ 4-1, 1. ledd, bkst. a) – e).*
- Vedta interkommunalt samarbeid om smittevern i samsvar med *§ 7-1, 6. ledd*.
- Delegere kommunelegen sitt mynde etter lova til ein/fleire legar tilsette i det interkommunale organet som kommunen har lagt smittevernoppgåvene til – *jf.* *§ 7-2, 4. ledd.*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 4-1, 3. og 4. ledd, Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesanering*, i lova

**Kommunedirektøren** sørgjer for at vedtekne tiltak vert sette i verk etter denne paragrafen sitt *3. ledd og 4. ledd.*
**Kommuneoverlegen** gjer vedtak og set i verk tiltak etter denne paragrafen sitt *5. ledd* i hastesaker.

- *Jf. § 4-6, Gravferd og transport av lik*, i lova

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen der det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret.

- *Jf. § 4-9, Plikt for helsepersonell til å gjennomgå opplæring, følge faglige retningslinjer og gjennomføre tiltak*, i lova

**Kommunedirektøren** gjev pålegg etter denne paragrafen sitt *1., 2. og 4. ledd*.

- *Jf. § 7-2, 1. ledd, Kommunelegens oppgaver*, i lova

**Kommunedirektøren** peikar ut ansvarleg kommunelege med avløysar etter denne paragrafen.

## 3. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak etter *§ 4-9* i lova skal ikkje rapporterast. Vedtak gjorde av **kommuneoverlegen** etter delegert mynde etter *§ 4-1* i lova skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak gjorde av **formannskapet** skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 42. Stadnamnlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delgerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragraf i lova:

- *§ 5, 2. ledd*

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Teknisk utval** gjev tilråding til kommunestyret der kommunestyret har vedtaksmynde / uttalar seg på vegner av kommunen i saker der andre har vedtaksmynde – *jf. § 6. 1. ledd, 4. setning*.

*- Jf . § 6. Nærmare om saksbehandlinga,* i lova

**Kommunedirektøren** gjev varsel og samordnar etter denne paragrafen.

## 3. Klage

Klage på kommunale vedtak etter lova skal handsamast av ei **særskilt statleg klagenemnd** – *jf. § 10*.

# 43. Straffelova og straffeprosesslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 81a., 2. ledd, i straffeprosesslova*

**Kommunedirektøren** ber om offentleg påtale i saker som er omfatta av flg. **kapittel** i straffelova:

- 27. Vinningslovbrudd og liknende krenkelser av eiendomsretten
- 28. Skadeverk og fremkalling av fare for allmenheten

**Ordføraren** ber om offentleg påtale i saker som er omfatta av flg. **kap**. i straffelova:

- *19. Vern av offentleg myndighet og tilliten til den*
- *20. Vern av den offentlige ro, orden og sikkerhet*
- *21. Vern av informasjon og informasjonsutveksling*
- *22. Uriktig forklaring og anklage*
- *23. Vern av folkehelsen og det ytre miljø*
- *24. Vern av den personlige frihet og fred*
- *25. Voldslovbrudd mv.*
- *26. Seksuallovbrudd*
- *29. Vern av tilliten til penger og visse dokumenter*
- *30. Bedrageri, skattesvik og liknende økonomisk kriminalitet*
- *31. Kreditorvern*

**Formannskapet** ber om offentleg påtale på vegner av kommunen etter dei andre kap. i lova.

## 3. Klage

Å be om offentleg påtale er ikkje vedtak som kan påklagast. Dette gjeld også der det ikkje vert bedd om offentleg påtale.

## 4. Rapportering

Når kommunedirektøren eller ordføraren ber om offentleg påtale skal dette rapporterast til **formannskapet** etter behov. Når formannskapet ber om offentleg påtale skal dette rapporterast til **kommunestyret**.

..

# 44. Tobakksskadelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragrafar i lova:

- Vedta at kommunestyret sitt tilsynsmynde skal delegerast til eit fellesorgan for fleire kommunar – *jf. § 13, 1. ledd, 2. setning*.
- Gje dispensasjon frå reglar gjevne i eller i medhald av *§§ 12 og 25,* og setje vilkår for eventuelle dispensasjonar – *jf. §§ 13, 6. ledd* og *29, 6. ledd*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

*Jf. §§ 13*, 1. ledd og *29, 1. ledd* i lova

**Kommunedirektøren** fører tilsyn etter desse paragrafane.

Utøving av mynde etter *folkehelselova (fhl)* med grunnlag i tilsyn etter *§§ 13* og *29* i lova skal skje som omtalt i pkt. 15 ovanfor.

## 3. Klage

Når det gjeld klage på enkeltvedtak etter folkehelselova som har sitt grunnlag i tilsyn etter *§§ 13* og *29* i lova, vert det vist til pkt. 15 ovanfor.

## 4. Rapportering

Sjå *kapittel 16* ovanfor for vedtak gjorde etter *folkehelselova*. Andre vedtak skal ikkje rapporterast.

# 45. Tvangslova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- **Kommunedirektøren** gjer vedtak om tvangsdekning for kommunen sine utestående fordringar i saker som vert rekna for å vere kurante.
- **Formannskapet** gjer vedtak om tvangsdekning for kommunen sine utestående fordringar i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

## 3. Klage

Det er ikkje klagerett på vedtak om tvangsdekning skal gjennomførast eller ikkje.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet**.
Vedtak gjorde av formannskapet etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 46. Tvistelova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf.* *kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragraf i lova:

- Oppnemne medlemmer til eit utval av møtefullmektigar til forliksrådet etter *§ 6-7 nr. 6*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Formannskapet** kan reise sivilt søksmål for å få dekt kommunen sine tap i høve skadeverk på kommunal eiendom.

## 3. Klage

Det er ikkje klagerett på vedtak om sivilt søksmål skal reisast eller ikkje.

## 4. Rapportering

Formannskapet sitt vedtak om sivilt søksmål skal reisast eller ikkje, skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 47. Vallova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i lova:

- *§ 4-1, Valgstyret*
  Val av valstyret.
- *§ 9-2 nr.2, Fastsetting av valgdag*
  Avgjere at val også skal haldast på søndagen før den offisielle valdagen.
- *§ 9-3 nr. 2, Tid og sted for stemmegivningen. Organisering*
  Vedta å halde vallokala opne lenger enn det valstyret har vedtatt etter 2. setning.
- *§ 13-4 nr. 3, Kontroll av fylkestingsvalg og kommunestyrevalg. Ugyldige val - omvalg*
  Kjenne kommunestyrevalet ugyldig pga. feil som kan ha hatt innverknad på fordelinga av mandata mellom listene og som det ikkje er mogleg å rette.

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 4-1. Valgstyret,* i lova

Valstyre etter denne lova skal vere **formannskapet** som skal gjennomføre kommuneval i samsvar med lov og regelverk.

- *Jf. § 4-2. Stemmestyrer,* i lova

Kommunestyret sitt mynde etter denne paragrafen vert delegert til **valstyret**. Supplering av stemmestyre kan delegerast vidare.

- *Jf. § 9-3 nr. 1. Tid og sted for stemmegivningen. Organisering,* i lova

Valstyret avgjer kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i.

## 3. Vidaredelegering (subdelegering)

Valstyret sitt mynde etter følgjande paragraf i lova kan **ikkje** delegerast vidare til andre:

- Fastsetje frist for søknad om stemmegjeving på særskilde stadar pga. at ein er ufør eller sjuk - *jf. § 8-3 nr. 6* i lova.

## 4. Klage

Klage over tilhøve i samband med førebuing og gjennomføring av fylkestingsval og kommunestyreval skal følgje reglane i *§ 13-2* i lova.

## 5. Rapportering

Det er ikkje rapporteringsplikt på avgjerder som er gjorde etter delegert mynde frå kommunestyret.

# 48. Veglova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret sitt mynde etter flg. paragrafar i lova vert **ikkje** delegert:

- Vedta å ta opp privat veg som kommunal veg – *jf. § 5*.
- Vedta å byggje kommunal veg - *jf. § 6*.
- Gje uttale til spørsmål om omgjering av fylkesveg til kommunal veg – *jf. § 7, 2. ledd*.
- Vedta å leggje ned kommunal veg og fastsetje kva føremål veggrunnen skal nyttast til - *jf. § 7, 3. ledd og § 8.*
- Vedta å krevje flytta eller rive eldre byggverk eller andre innretningar som nemnde i §§ 30, 32 eller 33 – *jf. § 37*.
- Vedta eigedomsinngrep til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av kommunal veg – *jf. § 50.*
- Vedta eigedomsinngrep når vegbrot, fare for vegbrot eller liknade omstende gjer det nødvendig – *jf. § 51*.
- Gje samtykkje til innkrevjing av bompengar for ferdsel på privat veg, irekna ev. innkrevjing av tilleggsavgift av bileigar o.a. ved unnlaten betaling av bompengar, og fastsetje storleiken på tilleggsavgifta - *jf. § 56*.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**- Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som vert rekna for å vere kurante.
**- Teknisk utval** gjer vedtak og utfører oppgåver etter lova med tilhøyrande forskrifter i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

## 3. Klage

**Den kommunale klagenemnda** er klageorgan for enkeltvedtak gjorde etter delegert mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**.
Vedtak gjorde av teknisk utval etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret**.

# 49. Vegtrafikklova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

**Kommunestyret** delegerer **ikkje** sitt mynde etter flg. paragrafar i lova og tilhøyrande forskrifter:

- Gje si tilslutning til vegprising – *jf.* § 7a. i lova.
- Vedta innføring av parkeringsavgift og vedta avgiftssatsane – *jf. § 8* i lova og *§ 2 og § 3* i Forskrift om offentlig parkeringsregulering og parkeringsgebyr (FOR-1993-10-01-921)
- Søkje departementet om løyve til å innføre gebyr for bruk av piggdekk i nærare fastsett område – *jf. § 13, 7. ledd* i lova.
- Søkje vegdirektoratet om løyve/mynde til å fjerne eller forvare køyretøy – *jf.* § 21 i Forskrift om offentlig parkeringsregulering og parkeringsgebyr (FOR-1993-10-01-921) og *§ 37, 4. ledd* i lova.

## 2. Delegering fra kommunestyret

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne lova i saker som vert rekna for å vere kurante. **Teknisk utval** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne lova i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

*- Jf . Forskrift om offentlig parkeringsregulering og parkeringsgebyr (FOR-1993-10-01-921)*

(Gitt med heimel i m.a. *§§ 4, 5, 8, 31, 31a, 37, 43* i lova – *jf.* vegdirektoratet sitt vedtak av 31.oktober 1991.

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som vert rekna for å vere kurante. **Teknisk utval** gjer vedtak og utfører oppgåver etter denne forskrifta i saker som ikkje vert rekna for å vere kurate.

*- Jf. Forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikklyssignaler og anvisninger (skiltforskriften) (FOR-2005-10-07-1219)*

*(Gitt med heimel i m.a. §§ 5, 6* og *43 i lova.)*

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som vert rekna for å vere kurante.

**Kommunedirektøren** har mynde etter *kap. 14 i forskrifta* om mellombels skilting ved varsling av mellombels arbeid og tilstelningar på offentleg veg. Tilsvarande gjeld mellombels vedtak om lågare fartsgrense ved arbeid på offentleg veg etter *§ 26, 4. ledd* i forskrifta.

**Teknisk utval** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

- *Jf.* Forskrift om parkering for forflytningshemmede (FOR-1994-03-15-222)

(Gitt med heimel i m.a. *§§ 5 og 8* i lova.)

**Kommunedirektøren** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som vert rekna for å vere kurante. **Teknisk utval** gjer vedtak og utfører oppgåver lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som ikkje vert rekna som kurante. **Livsløpsutvalet** skal, som hovudregel, ha uttalt seg / gjeve sine tilrådingar før teknisk utval gjer sine vedtak.

..

## 3. Klage

**Den kommunale klagenemnda** (delar av formannskapet) er klageorgan for enkeltvedtak gjorde etter delegert mynde etter lova med tilhøyrande forskrifer.

## 4. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **teknisk utval**.
Vedtak om gebyr på brot på parkeringsreglane skal **ikkje** rapporterast.
Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde etter *"Forskrift om parkering for forflytningshemmede"* skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak gjorde av teknisk utval etter delegert mynde skal rapporterast til **kommunestyret.**

# 50. Viltlova

Til framsida

## 1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - *jf. kommunelova § 5-3*.

Kommunestyret sitt mynde etter flg. paragrafar vert **ikkje** delegert:

- Fastsetje forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr eller bever etter *§ 4 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever (FOR-2002-03-314)*
- Vedta satsar for avgifter for felling av elg og/eller hjort etter *§ 6 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (FOR-2011-05-15-537)- (jf. §§ 40, 2. ledd og 43 i lova)*

## 2. Delegering fra kommunestyret

- *Jf. § 16 (fellingstillatelse på hjortevilt og bever – minsteareal)* i lova *og § 13 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever*

Kommunedirektøren vert beden om å gje **kommunedirektøren i Ålesund kommune** mynde til å gje løyve i samsvar med desse paragrafane i lova og forskrifta i saker som vert rekna som kurante – *jf. k.sak 040/10 og kommunelova § 20-2, 2. ledd*. **Viltnemnda** gjev løyve i samsvar med desse paragrafane i lova og forskrifta i saker som ikkje vert rekna som kurante.

- *Jf. § 29 (retten til jakt i sameiestrekning) i lova*

**Viltnemnda** utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne paragrafen sitt *2. og 3. ledd.*

- *Jf. § 36 (almenhetens jaktadgang)i lova*

**Viltnemnda** utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne paragrafen sitt *2. ledd*.

- *Jf. § 37 (sammenslåing til felles viltområde)* i lova *og Forskrift om gjennomføring av bestemmelsene om sammenslåing av eiendommer til felles viltområde i viltlovens § 37 (FOR-1984-10-24-1878)*

**Viltnemnda** gjer vedtak og utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne paragrafen med tilhøyrande forskrift.

- *Jf. § 38 (sammenslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt)* i lova *og Forskrift om gjennomføring av bestemmelsene om sammenslåing for å oppnå minsteareal for hjorteviltjakt i viltlovens § 38 (FOR-1984-10-24-1879)*

**Viltnemnda** gjer vedtak og utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne paragrafen med tilhøyrande forskrift.

*- Jf . forskrift til §§ 23, 24, 26, 39, 42, 50 og 77 i lova m.m.:* *Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (FOR-2002-03-22-313)*

Kommunedirektøren vert beden om å gje **kommunedirektøren i Ålesund kommune** fullmakt til å gjere vedtak og utføre dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som vert rekna som kurante – *jf. k.sak 040/10 og kommunelova § 20-2, 2. ledd*. **Viltnemnda** gjer vedtak og utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne forskrifta i saker som ikkje vert rekna som kurante.

*- Jf . forskrift til §§ 40, 43 og 48: Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (FOR-2011-05-15-537)*

**Viltnemnda** gjer vedtak og utfører dei oppgåvene som er lagde til kommunen etter denne forskrifta. **Kommunedirektøren** vert gjeven mynde til å krevje inn fellingsavgift og fordele midlar innanfor ramma av godkjent budsjett og gjeldande forskrift.

*- Jf. § 48 ( viltfondets og kommunens eiendomsrett) i lova*

**Kommunedirektøren** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som vert rekna for å vere kurante.
**Viltnemnda** gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

*- Jf. § 49 (autorisasjon av preparanter og omsetning av vilt) i lova*

**Kommunedirektøren** kan krevje lagt fram oppgåver etter denne paragrafen.

## 3. Andre avgjersler

**Kommunedirektøren** er mottakar av meldingar som skal sendast til kommunen i samsvar med lova.

## 4. Klage

**Fylkesmannen** er klageorgan på enkeltvedtak gjorde av kommunale organ etter delegert mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter – *jf.* § 4 i lova. Klage på enkeltvedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal handsamast av **formannskapet** før ev. oversending til klageorganet.

## 5. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren/vertskommunen etter delegert mynde skal rapporterast til **viltnemnda**. Vedtak gjorde av viltnemnda etter delegert mynde skal rapporterast til **formannskapet.**

..

# Vedlegg:

## Oversikt over revisjonar av delegeringreglementet

| Dato | Politisk vedtak | Kva er endra | Oppdatert av |
|---|---|---|---|
| 17.06.2021 | 059/21 | Kapittel 7.2 Beredskapsleiinga, punkt 2 | Ingvild Nautvik |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |